


Straffutmåling for aktlause handlingar i trafikken som medfører dødsfall på nærståande

*Ein diskusjon om lovbrytaren si tilknyting til offeret
kan og bør påverke straffutmålinga etter strl. § 281*

Kandidatnummer: 53

Mengde ord:13316



JUS399 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

Dato: 10. 12. 2019

Innhaldsliste:

1	Innleiing.....	4
1.1	Tema for oppgåva og aktualitet.....	4
1.2	Nærare presiseringar av oppgåva.....	5
1.3	Metodiske utfordringar ved problemstillinga	6
1.4	Oppgåva si vidare oppbygging.....	7
2	Reaksjonssystemet i strafferetten.....	8
2.1	Innleiting.....	8
2.2	Overordna om reaksjonssystemet	8
2.3	Nærare om reaksjonane i strafferetten	11
2.4	Moment i straffutmålinga.....	12
3	Reaksjonsval ved straffutmåling for aktlause dødsfall i trafikken	13
3.1	Innleiing.....	13
3.2	Utgangspunktet etter strl. § 281.....	13
3.3	Andre reaksjonar som kan vere aktuelle ved aktlause dødsfall i trafikken.....	15
3.3.1	<i>Straffreaksjonane etter strl. § 29.....</i>	15
3.3.2	<i>Andre strafferetslege reaksjonar etter strl. § 30</i>	18
3.3.3	<i>Oppsummering.....</i>	22
4	Den nærståande relasjonen si vekt ved fastsetting av reaksjonsomfanget	23
4.1	Innleiting.....	23
4.2	Lov og forarbeid når det gjeld å fastsette reaksjonsomfanget	23
4.3	Rettspraksis om relasjonen til offeret som eit formildande moment ved reaksjonsomfanget	25
4.3.1	<i>Innleiting</i>	25
4.3.2	<i>Offeret er barnet til lovbrytaren.....</i>	25
4.3.3	<i>Offeret er eit anna familiemedlem eller kjærast av lovbrytaren.....</i>	26
4.3.4	<i>Lovbrytaren er venn av offeret.....</i>	27
4.3.5	<i>Oppsummering.....</i>	28
5	Rettspolitisk vurdering av rettstilstanden	29
5.1	Innleiting.....	29
5.2	Offeret er lovbrytaren sitt barn	29
5.2.1	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei ubevisst simpel aktlaus handling.....</i>	29

5.2.2	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei bevisst simpel aktlaus handling.....</i>	31
5.2.3	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling.....</i>	32
5.3	Offeret er domfelte sin kjærast eller eit anna familiemedlem av lovbytaren.....	33
5.3.1	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei ubevisst simpel aktlaus handling.....</i>	33
5.3.2	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei bevisst simpel aktlaus handling.....</i>	34
5.3.3	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling.....</i>	35
5.4	Relasjonen til offeret består i vennskap	36
5.4.1	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei simpel aktlaus handling.....</i>	36
5.4.2	<i>Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling.....</i>	38
5.5	Avsluttande merknadar	38
6	Kjelderegister.....	40
7	Vedlegg.....	45

1 Innleiing

1.1 Tema for oppgåva og aktualitet

Denne masteroppgåva skal drøfte straffutmåling og i kva grad det kan og bør bli lagt vekt på ved utmålinga av straff at gjerningspersonen har ein relasjon til offeret. Oppgåva vil drøfte om relasjonen til offeret kan og bør ha mykje å seie ved straffutmåling for gjerningspersoner som «uaktsomt forvolder en annens død» i trafikken, jf. lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven, heretter strl.) § 281.

Det vil bli gjort nærmere greie for om gjeldande rett på grunn av relasjonen til offeret opnar for å gjere unntak frå normalnivået ved straffutmåling fordi dødsulukka har ein stor innverknad på lovbytaren. Det vil og bli vurdert om all form for tilknyting til offeret har like stor betyding og om graden av skuld ved den aktlause handlinga kan påverke kva vekt relasjonen bør få ved straffutmålinga. Sentralt ved vurderinga av kva straff som bør utmålast vil omsyna bak straffutmålingsprosessen vere sentrale.¹ Det vil i oppgåva bli vurdert særleg korleis prevensjonsomsynet, likebehandlingsprinsippet og samhøveprinsippet styrer valet av av kva reaksjon som skal til dømmast lovbytaren og reaksjonsomfanget av reaksjonen.

Grunnen til at offeret si vekt akkurat ved straffutmålinga for aktlaust å valde eit dødsfall i trafikken krev ei djupare analyse har samanheng med at det ikkje alltid er tenleg å reagere med straff, sjølv om det er høve for det. Under arbeidet med straffelova 2005 vart det vurdert om aktløyse kravet etter strl. § 281 skulle hevast til grov aktløyse.² Hevinga av terskelen førte ikkje fram. Det var naudsynt å kunne reagere på handlingar som også hadde liten grad av skuld i situasjonar der handlinga hadde store konsekvensar og kor det er «praktisk at normen overtres uforsettlig».³ Sjølv om behovet for å skape tryggleik i trafikken står sentralt, har straff svært alvorlege konsekvensar for gjerningspersonen.⁴ Ettersom det vart vurdert om terskelen skulle hevast til grov aktløyse, illustrerer det at spørsmålet om å reagere med straff på simple aktlause handlingar kan vere problematisk. Særleg i situasjonar der dødsulukka går

¹ Sjå vidare Eskeland (2017) s. 440-443.

² Sjå vidare NOU 2002: 4 s. 355.

³ Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 196 med vidare tilvising.

⁴ Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 48.

hardt ut over lovbrytaren kan det vere behov for å vurdere om det er rimeleg å påføre lovbrytaren den påkjenning som eit straffansvar medfører, då dødsulukka kan følast som ei straff i seg sjølv. Om det ikkje kan gjerast unntak frå å utmåle straff, er det interessant å vurdere i kor stor grad retten innafor strafferamma opnar for å kunne leggje vekt på relasjonen til offeret og kva som er grunngjevinga bak.

1.2 Nærare presiseringar av oppgåva

Gjennomgåande i oppgåva vil graden av akløyse som handlinga representerer stå sentralt. Det går fram av strl. § 281 at for å kunne straffe lovbrytaren må vedkommande ha opptrødd «uaktsomt». Strl. § 23 første ledd legg til grunn at den som handlar i strid med «kravet til forsvarlig oppreten på et område» og som ut frå «sine personlige forutsetninger kan bebreides» er «uaktsom». Det er her tale om simpel akløyse. Etter strl. § 23 andre ledd kan den aklause handlinga karakteriserast som grov dersom handlinga er «svært klanderverdig» og det er grunnlag for «sterk bebreidelse». Det som skil simpel akløyse frå grov akløyse går i stor grad på kor stort avviket frå forsvarleg åferd er og i kva grad gjerningspersonen kan klandrast.⁵ Dei hendelege uhell som har liten grad av klanderverdig opptrødd vil falle utanfor oppgåva, då dei ikkje innfrir kravet til «uaktsom» og difor ikkje er straffbare, jf. strl. § 23 første ledd. Ved simpel akløyse vil det vidare i oppgåva bli skilja mellom handlingar der lovbrytaren ubevisst tek ein risiko som følgje av manglande oppmerksamheit og handlingar som gjerningspersonen bevisst gjennomfører i håp om at det ska gå bra.⁶ (sjå vedlegg). Skilnaden mellom ubevisst og bevisst akløyse vil og gjere seg gjeldande ved grov akløyse.⁷ Dette skiljet vil likevel ikkje i like stor grad bli gått nærmare inn på i oppgåva grunna den klander grov akløyse inneberer og faren den representerer i trafikken.

Vidare vert det avgrensa til korleis relasjonsforholdet vert vektlagt ved dødsulukker som oppstår som følgje av bilkøyring, da svært mange aklause dødsfall skjer som trafikkulukker.⁸ Det vil likevel vere sentralt å trekke parallellar til liknande dødsulukker som er valda aktlaust til sjøs, da mange av dei same omsyna bak vurderinga ved utmåling av straff vil gjer seg gjeldande. Korleis andre tilknytingsforhold til offeret vert handsama ved andre strafferetslege

⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 427.

⁶ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 426.

⁷ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 427.

⁸ Matningsdal (2017) s. 151.

problemstillingar vil falle utanfor oppgåva. Oppgåva vil fokusere på aktlause dødsfall som rammar eit offer som er ein nærståande av lovbytaren. Det vert her sikta til situasjonar der offeret er lovbytaren sitt barn, eit anna familiemedlem, kjærasten eller venn av lovbytaren. Det vil og vere naturleg å gå inn på praksis som knytt seg til dødsulukker som rammar andre utanforståande for å illustrere kva normalreaksjonen for aktlause dødsfall i trafikken er.

1.3 Metodiske utfordringar ved problemstillinga

Oppgåva vil leggje opp til ei rettsdogmatisk og ei rettspolitisk vurdering av gjeldande rett. Rettskjelder knytt til både Lov 22. mai 1902 nr. 10 almindelig borgerlig straffelov (straffeloven 1902 - strl. 1902) og Straffelova frå 2005 vil vere relevante. Det vil i oppgåva ikkje bli gått nærmare inn på rettspraksis frå andre instansar enn Högsterett på grunn av den rettskjeldemessige vekt högsterettspraksis har.

Metodiske utfordringar som oppgåva reiser knytt seg særleg til högsterettspraksis og korleis relasjonsforholdet vert lagt vekt på. Straffutmåling er ei skjønnsprega vurdering og andre moment ved den konkrete sak kan og vere avgjerande for resultatet. Det kan vere utfordrande å fastslå kva vekt relasjonsforholdet får ved den konkrete straffutmålinga, då det ikkje er fastsatt ei konkret straff som skal utmålast for situasjonar av aktlause dødsfall i trafikken. Det vil og vere utfordrande å trekke konklusjonar ut frå områder der spørsmålet ikkje kjem opp for Högsterett eller det føreligg sprikande avgjersler. I desse tilfella vil omsyna bak regelen bli nærmare vurdert.

Ei anna metodisk utfordring knytt seg til i kor stor grad dei forskjellige reaksjonane vert brukt. Eg har ikkje funne noko statistikk på i kva grad enkelte av reaksjonane vert nytta framfor andre reaksjonar. Eg har heller ikkje fått fritak frå teiingsplikta for å vurdere dette nærmare, jf. lov 28. mai 2010 nr. 16 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten (politiregisterloven) § 33 andre ledd, jf. første ledd, jf. § 23 første ledd nr. 1.⁹ Oppgåva vil difor ikkje gå nærmare inn på i kva grad enkelte reaksjonar vert nytta framfor andre.

⁹ Personleg korrespondanse: Epost til Postmottak HPM Riksadvokaten den 06.11.2019.

1.4 Oppgåva si vidare oppbygging

For å vurdere om relasjonen til offeret kan leggjast vekt på ved straffutmålinga vert det lagt opp til ei nærmere drøfting ut over fire kapittel. I kapittel 2 vil reaksjonssystemet i strafferetten bli kort gjennomgått. Det vil bli gitt ein overordna introduksjon av reaksjonssystemet og reaksjonane, grunngjevinga bak straff og sentrale moment ved straffutmålinga.

I kapittel 3 vert det gjennomgått kva reaksjon som i utgangspunktet skal til dømmast lovbytaren som aktlaust er årsak til ein anna person sin død, jf. strl. § 281. Vidare blir det vurdert om det er mogleg å nytte andre strafferettslege reaksjonar på grunn av relasjonen gjerningspersonen har til offeret.

Vidare i kapittel 4 vil det nærmere bli lagt opp til ei vurdering av korleis gjeldande rett opnar for å leggje vekt på relasjonen ved utmålinga av reaksjonsomfanget. Det vil bli vurdert om graden av skuld vil ha avgjerande betyding for straffutmålinga og om forskjellige tilknytingsforhold til offeret vil ha forskjellig vekt ved utmålinga.

I oppgåva sitt siste kapittel vil det bli føretatt ei rettspolitisk drøfting der det vert vurdert i lys av omsyna bak straff og straffutmåling om rettsstilstanden etter gjeldande rett er haldbart. Oppgåva vil gje utsyn for om rettsstilstanden er balansert og tilstrekkeleg nok, eller om det er bør skje nærmere endringar. Skiljet mellom dei forskjellige tilknytingane til offeret som blir trekt opp i oppgåva vil vere eit sentralt utgangspunkt for drøftinga. Også det nærmere skilje mellom simple og grov akløyse som vart presentert i kapittel 1.2 vil ha stor vekt gjennom heile teksten.

2 Reaksjonssystemet i strafferetten

2.1 Innleiing

I dette kapittelet vil det først bli gjort greie for reaksjonssystemet i strafferetten. Første ein overordna presentasjon av reaksjonssystemet og grunngjevinga bak straff (punkt 2.2). Vidare vil reaksjonane som kan nyttast i strafferetten bli nærare presentert (punkt 2.3). I det siste punktet i kapittelet vil dei forskjellige momenta som er relevante med straffutmålinga greia ut om (punkt 2.4).

2.2 Overordna om reaksjonssystemet

Reaksjonssystemet knytt seg til systemet av reaksjonar som påtalestyresmakta og domstolane kan fastsette etter at lovbrytaren si straffeskuld er bevist.¹⁰ Legalitetsprinsippet som går fram av lov 17. mai 1814 kongerikets Noregs grunnlov (Grunnlova, Grl.) § 96 første ledd fastslår at ingen kan «dømmast utan etter lov» eller «straffast utan etter dom», prinsippet står sterkt i strafferetten. Legalitetsprinsippet går og fram av strl. § 14 der det vert fastslått at dei strafferettslege reaksjonar, jf. §§ 29 og 30 berre kan «ilegges med hjemmel i lov». Strl. § 29 omfattar reaksjonane som formelt kan rekna som straff, medan strl. § 30 omfattar reaksjonar som ikkje tek sikte på å formidle klander slik straff gjer.¹¹ Spørsmålet om kva konkrete reaksjonar som kan bli utmålt avhenger av alvoret på den straffbare handling og om gjerningspersonen kan haldast strafferettsleg ansvarleg.¹² Det følgjer av skadefølgjeprinsippet at straff berre bør bli bruk dersom andre reaksjonar og sanksjonar «åpenbart ikke vil være tilstrekkelige» og dersom «nyttevirkningene er klart større enn skadevirkningene».¹³

For å forstå kvifor det overhovud er aktuelt å reagere med straff framfor andre reaksjonar i det enkelte tilfelle, vil det kort bli gjort greie for grunngjevinga bak straff.¹⁴ Straff er definert som «et onde som staten tilføyer en lovovertreder på grunn av lovovertredelsen, i den hensikt at

¹⁰ Wegner (2015) s. 115.

¹¹ Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 645.

¹² Sjå vidare Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 245.

¹³ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 88.

¹⁴ Sjå Hauge (1996) s. 15.

han skal føle det som et onde.»¹⁵ Det å utøve eit «onde» er svært alvorleg og det må difor ha ei nærmere grunngjeving.¹⁶ Behovet for å reagere med straff har i lang tid vert delt ved dei absolute og relative straffeteoriar.¹⁷

Etter dei *absolute straffeteoriane* er føremålet å nytte straff på ei kriminell handling for å forsøke å oppfylle rettferd i samfunnet ved å gjengjelde den straffbare handlinga og uretten lovbroten har skapt.¹⁸ Ved å reagere på den kriminelle handling, vil staten forsøke å gjenreise ubalansen i samfunnet.¹⁹ På denne måten vil dei absolutte straffeteoriane ha ein tilbakeverkande funksjon. Dei *relative straffeteoriane* legg til grunn at straff kan nyttast som eit middel for å hindre liknande framtidige lovbroten og på denne måten gagne samfunnet i framtida.²⁰ Omsynet til allmennprevensjon og individualprevensjon står her sentralt.²¹ Allmennprevensjon er med på å styre åtferda til framtidige lovbytarar ved at straffa verkar avskreckande, moralskapande og vanedannande.²² I dette ligg det særleg at andre samfunnsborgarar skal ville avstå frå straffbare handlingar på grunn av risikoen for å bli straffa. Individualprevensjon knytt seg i større grad til verkinga straffa har for den enkelte lovbytar.²³ Straff utmålast då særleg for å hindre at gjerningspersonen utfører nye straffbare handlingar.²⁴

Desse straffeteoriane kan møtast med innvendingar, både med tanke på om dei er tilstrekkelege haldbare eller stemmer tilstrekkeleg overeins med strafferetten.²⁵ Likevel står fortsatt prevensjonstanken sentralt som eit av føremåla bak straff også i forarbeida.²⁶ Tanken om å gjengjelde kan derimot ikkje vere eit overordna føremål bak straff, men legitimerer til

¹⁵ Andenæs (1962) s. 330 jf. Rt. 1977 s. 1207.

¹⁶ Kinander (2013) s. 155.

¹⁷ Sjå Andenæs mfl. (2016) s. 66.

¹⁸ Sjå Andenæs mfl. (2016) s. 66; Hauge (1996) s. 19.

¹⁹ Sjå Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 77.

²⁰ Andenæs mfl. (2016) s. 67.

²¹ Sjå Jacobsen (2004a) s. 14.

²² Nymo (2015) s. 294.

²³ Sjå Andenæs (1990) s. 26.

²⁴ Sjå vidare Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 78-79.

²⁵ Sjå Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 33.

²⁶ Sjå nærmare Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 77.

ein viss grad kvifor straff kan nyttast for å oppretthalde sosial ro og orden i samfunnet.²⁷ At det er aktuelt å bruke straff for å oppretthalde sosial ro og orden tilseier at det er eit behov for å reagere med straff for at samfunnet skal oppfattast som trygt og for å hindre privat rettshandheving.²⁸ Prevensjon og samfunnsnytte nyttast dermed i stor grad som grunngjevinga bak straff.²⁹ Desse omsyna vil vidare vere sentrale ved vurderinga av kva konkret reaksjon som skal utmålast i det enkelte tilfelle og vil særleg i kapittel 5 vere relevante ved vurderinga av kva vekt relasjonsforholdet kan få ved straffutmålinga.

Kva reaksjon som i utgangspunktet skal bli utmålt på det konkrete tilfelle er fastslått i det enkelte straffebodet. Kvart straffebod fastsett den ordinære strafferamme og varierer mellom straffereaksjonane «bot» og «fengsel», eventuelt berre ein av reaksjonane.³⁰ Nokre straffebod fastsett vidare ei minimum og ei maks grense knytt til straffelengda, jf. til dømes strl. § 275 som fastsett «fengsel fra 8 inntil 21 år» for drap. Dei fleste straffebod fastsett likevel berre den øvre strafferamme for reaksjonen, som til dømes «fengsel inntil 6 år» for kroppsskade, jf. strl. § 273.³¹ Det vil her vere tale om svært vide rammar og strafferamma er meint å illustrere det alvoret som knytt seg til det aktuelle straffbodet.

Dersom det er tenleg å reagere med andre reaksjonar enn reaksjonen den ordinære strafferamme fastsett, følgjer det nærare av den enkelte reaksjon kva vilkår som må vere innfridd for å nytte den. Og dersom det er tenleg å reagere med fleire strafferettslege reaksjonar i kombinasjon, jf. strl. § 29 første ledd og strl. § 30, følgjer det av strl. § 29 andre ledd at den samla reaksjonen må stå i eit «rimelig forhold til lovbruddet». Kva forskjellige strafferettslege reaksjonar som nærare kan kombinerast er særskilt regulert for kvar reaksjon.³² Utover dette fastsett ikkje det konkrete straffebodet nærare kva reaksjon eller reaksjonsomfang som kan utmålast i den enkel sak.³³

²⁷ Sjå nærare Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 77.

²⁸ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 80.

²⁹ Kinander (2013) s. 156.

³⁰ Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 666.

³¹ Jf. Andenæs mfl. (2016) s. 455.

³² Jf. Andenæs mfl. (2016) s. 379.

³³ Andenæs (1996a) s.113; Hennum (2003) pkt. 2.

2.3 Nærare om reaksjonane i strafferetten

Reaksjonane som det kan reagerast med på ei straffbar handling og som formelt vert rekna som straff er fengsel, forvaring, samfunnsstraff, ungdomsstraff, bot og tap av rett, jf. strl. § 29 første ledd bokstav a-f. Det følgjer av forarbeida at for å nytte desse straffeformane må dei fire straffbare vilkåra vere innfridd.³⁴ Desse fire vilkåra er nærmere i forarbeida presentert slik. «Handlingen må bryte loven (1), det må ikke foreligge noen strafffrihetsgrunn (2), gjerningspersonen må være tilregnlig (3) og ha utvist skyld (4)».³⁵ Dei andre strafferettslege reaksjonane etter strl. § 30 er straffeutmålingsutsetjing, straffeutmålingsfråfall, overføring til tvungent psykisk helsevern, overføring til tvungen omsorg, inndraging, påtalefråfall, overføring til konfliktråd og tap av retten til å føre motorvogn. Desse kan utmålast som følgje av at det har skjedd eit lovbro og er normalt avhengige av at gjerningspersonen innfrir dei straffbare vilkåra.³⁶

Felles for reaksjonane etter strl. §§ 29 og 30 er at begge reaksjonssetta kan idømmast i ein straffesak «etter straffeprosesslovens regler».³⁷ Det som skil reaksjonssetta frå kvarandre går på kor inngripande reaksjonen er for lovbytaren og kva som er føremålet med reaksjonen.³⁸ Vi har sett at dersom reaksjonen har som føremål å påføre lovbytaren eit «onde» er det tale om straff. Lovbytaren kan da klandrast for handlinga.³⁹ Dei andre strafferettslege reaksjonane som ikkje vert rekna som straff har i større grad eit føremål framover i tid ved å beskytte samfunnet, som til dømes ved å fastleggje særreaksjonar for utilreknelege personar.⁴⁰ Enkelte av dei strafferettslege reaksjonane vil og vere relevante når det ikkje er tenleg å reagere med andre reaksjonar som formidlar straff. Etter strafflesystemet føreligg det dermed eit vidt spekter av reaksjonar slik at det er rom for å utmåle den mest passande reaksjonen på det konkrete tilfelle. Dei forskjellige reaksjonane vil vere sentrale for den vidare drøftinga når det vil bli vurdert om nære relasjonar til offeret kan leggjast vekt på ved valet av kva reaksjon og reaksjonsomfang det skal bli reagert med.

³⁴ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 245.

³⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 194.

³⁶ Sjå vidare Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 245.

³⁷ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 68.

³⁸ Sjå Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 245 med vidare tilvising.

³⁹ Sjå NOU 1983: 57 s. 94.

⁴⁰ Sjå Eskeland (2017) s. 392.

2.4 Moment i straffutmålinga

Det er svært mange moment som vil vere aktuelle ved straffutmåling og kva moment som vil gjere seg gjeldande avhenger i stor grad av kva type tilfelle som føreligg.⁴¹ Det vil her bli fokusert på omsyna og momenta som særleg vil gjere seg gjeldande ved fastsetting av straff for dødsfall som oppstår som følgje av ei aktlaus handling. Til dømes vil samhøveprinsippet knytte seg både til at reaksjonen må stå i samhøve til dei forskjellige straffene som blir utmålt for andre brotsverk og at reaksjonen må stå i samhøve til alvoret brotsverket domfelte har gjennomført.⁴² For at straffutmålinga skal vere rettferdig må difor utmålinga vurderast i lys av tidligare straffutmålingspraksis både etter andre og same straffebod. I lys av dette vil likebehandlingsprinsippet stå sentralt.⁴³ Dei preventive omsyna som var sentrale ved grunngjevinga bak straff vil også vere med å styre kva som er tenleg å reagere med i det enkelte tilfelle.⁴⁴

Særleg vil gjerningspersonen si skuld, faren handlinga representerer og omstende utanfor den sjølve straffbare handlinga vere sentrale moment ved fastsettinga av reaksjonsomfanget.⁴⁵ Enkelte av desse momenta er no lovfesta og det følgjer særleg av strl. §§ 77 og 78 forskjellige moment som «skal [...] tas i betraktnsing» ved straffutmålinga. Vidare opnar og strl. §§ 79 til 81 for å gå utanfor den konkrete strafferamme i straffeboden, dersom det er høve for det. Dei aktuelle momenta er og nærmere utpensla i høgsterettspraksis. Høgsterettspraksis sine retningslinjer vil særleg stå sentralt for underordna domstolar og vil gi føringar slik at den konkrete utmålinga vert rettferdig. Dette medfører at domstolane i stor grad vil vere bunden av reaksjonsvalet og det alminnelige straffutmålingsnivået som er fastsatt for liknande sakar. Det vil vidare i oppgåva vere relevant å vurdere korleis momenta og omsyna bak utmålingsreglane gjer seg gjeldande ved spørsmålet knytt til utmåling av straff for lovbrytarar som har ein relasjon til offeret og korleis tidligare høgsterettspraksis handsamar spørsmålet.

⁴¹ Sjå Eskeland (2017) s. 439.

⁴² Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 689.

⁴³ Eskeland (2017) s. 443.

⁴⁴ Jf. Eskeland (2017) s. 440.

⁴⁵ Sjå Andenes (1997) s. 415-425.

3 Reaksjonsval ved straffutmåling for aktlause dødsfall i trafikken

3.1 Innleiing

I dette kapittelet vil det bli gjort nærmere greie for kva reaksjonar som kan vere aktuelle å nytte overfor lovbytarar som aktlaust har valda eit dødsfall i trafikken etter strl. § 281. Det vil først bli tatt stilling til kva reaksjon som i utgangspunktet vert utmålt for aktlaust dødsfall i trafikken (punkt 3.2). Vidare vert det vurdert om det er grunnlag for å nytte andre strafferetslege reaksjonar på grunn av relasjonen til offeret (punkt 3.3). Dei forskjellige reaksjonane som generelt vart presentert i kapittel 2 vil nærmere bli vurdert. For å bedømme kva reaksjonar som kan vere aktuelle vil omsynet til samhøve mellom konsekvensen brotsverket medfører og straffa stå sentralt.

3.2 Utgangspunktet etter strl. § 281

Det følgjer av strl. § 281 at den som «uaktsomt forvolder en annens død» vert straffa med «fengsel inntil 6 år». Lovteksten fastslår den øvre ordinære strafferamma for lovbroten. Ettersom straffebedret opnar for fengselsstraff følgjer det av strl. § 31 andre ledd at minstestraffa ikkje kan setjast lågare enn 14 dagar fengsel. Ut over det gir verken lova eller straffebedret nærmere haldepunkter for straffutmålinga i det enkelte tilfelle.

Forarbeida til straffebedret gir heller ingen nærmere indikasjonar på korleis straffutmålinga skal gjennomførast.⁴⁶ Som vist i kapittel 2 er straffutmåling ei skjønnsprega og konkret vurdering som i stor grad er overlat til dommaren i den konkrete sak.⁴⁷ Rettspraksis gir likevel nærmere haldepunkt for reaksjonsvalet og det konkrete straffenivået som det skal reagerast med overfor gjerningspersonen som aktlaust har vert årsak til ein person sitt dødsfall i trafikken.

I situasjonar der den aktlause handlinga er prega av simpel aktløyse legg straffenivået seg mellom 30 til 60 dagar fengsel utan vilkår. I til dømes Rt. 2007 s. 1774, som gjaldt ei aktlaus dødsulukke til sjøs, vart straffa satt til 30 dagar. Domfelte kolliderte med båten til kameraten

⁴⁶ Sjå Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433.

⁴⁷ Sjå Andenes mfl. (2016) s. 456.

og kameraten omkom som følgje av kollisjonen. Dei same omsyna bak straffutmålinga vil i stor grad gjere seg gjeldande også ved aktlause dødsfall i trafikken ettersom det er tale om dødsfall forårsaka ved transportfartøy. Dommen er difor også sentral i oppgåva. Også i Rt. 2002 s. 1556 og Rt. 2012 s. 1453, som begge gjaldt føring av trailer vart straffa satt til 60 dagar fengselsstraff utan vilkår. Domstolen la vekt på at den domfelte i begge sakar hadde handla med stor grad av merksam for å unngå ei ulukke ved føringa av traileren, men det var likevel ikkje tilstrekkeleg. Straffa vart i begge avgjersler satt til 60 dagar. Rettspraksis illustrerer vidare at straffelengda skjerpast jo meir alvorleg og klanderverdig den konkrete handlinga som medfører dødsfallet er. I HR-2018-1658-A vart straffa satt til 120 dagar fengsel, der 90 dagar vart gjort på vilkår. Domfelte køyerde 20-25 km/t over fartsgrensa og tok ei uforsvarleg forbikøyring som medførte ein dødeleg kollisjon. Mopeden som var framfor bilen skulle ta av ved ei avkjørsle til venstre og omkom som følgje av forbikøyringa.

I HR-2018-389-A var det tale om grov aktløyse då domfelte ikkje sjekka ryggespeglar før han rygga med lastebilen i nærleiken av ein barneskule. Domfelte køyerde som følgje av dette over eit barn som omkom. Straffa blei satt til 8 månadar, der 3 månader vart satt til straff på vilkår. I Rt. 2014 s. 129 fastslo retten straff på 1 år og 9 månadar, da domfelte køyde minst 90 km/t i ei 50-sone og koliderte med møtande bil. Vidare fekk domfelte 2 år i Rt. 2000 s. 1597 som følgje av kollisjon med møtande bil. Det vart ved utmålinga også lagt vekt på domfelte sin kjøreåtférd før ulukka, då han over ein lengre tidsperiode køyde svært uforsvarleg og fleire gongar var nær ved å kollidere. Det var også i Rt. 2009 s. 1048 tale om ei høg fengselsstraffa. Eine domfelte fekk straff på 2 år og den andre domfelte fekk 2 år og 1 månad. Den uforsvarlege promillekøyringa vart her veklagt framfor det faktum at det var uklart kven som køydde.

Rettspraksis gir haldepunkt for at aktlaust å valde eit dødsfall i trafikken er eit så alvorleg lovbro at reaksjonen som utmålast hovudsakleg er fengsel utan vilkår.⁴⁸ Vidare illustrerer rettspraksis at straffelengda som vert utmålt må formidle graden av klander den straffbare handlinga representerer. Reaksjonslengda varierer mellom 30 dagar og 2 år fengsel.⁴⁹

⁴⁸ Sjå vidare Matningsdal (2017) s. 161.

⁴⁹ Sjå også Andenæs (1996b) s. 301.

Det følgjer likevel av forarbeida at det vil kunne vere uheldig å utmåle straff etter strl. § 281 i enkelte tilfelle og at det difor kan vere behov for å vurdere om reaksjonar som formidlar klander og straff overhovud skal nyttast.⁵⁰ Det vert her sikta til situasjonar der dei preventive verkingane bak straff ikkje gjer seg gjeldande og straffansvar etter strl. § 281 vil ramme gjerningspersonen hardt.⁵¹ Eit slikt tilfelle vil kunne vere der «gjerningspersonen ved et øyeblikks uoppmerksamhet har rygget over og drept sitt barn».⁵² I slike tilfelle vil det kunne vere aktuelt å nytte andre strafferettslege reaksjonar som påtalefråfall eller straffeutmålingsfråfallsregelen, jf. lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesakar (straffeprosesslova, strpl.) § 69 og strl. § 61. Grunnen til at lovgivar opnar for å fråfall straff har samanheng med at den aktlause handlinga har så liten grad av klander at omsyna bak straff ikkje vil gjere seg gjeldande.

3.3 Andre reaksjonar som kan vere aktuelle ved aktlause dødsfall i trafikken

3.3.1 Straffreaksjonane etter strl. § 29

Kva andre reaksjonar som kan vere aktuelle å reagere med overfor lovbrytaren vil variere ut i frå kva føremål reaksjonane har og i kva grad reaksjonane vil stå i samhøve til den straffbare handlinga.⁵³ Fengsel utan vilkår var som vi såg i kapittel 2.3 ein del av straffeformane som formelt vert rekna som straff, også fengsel på vilkår er ein sentral reaksjon under ei fengselsstraff. Resterande straffeformar er forvaring, samfunnsstraff, ungdomsstraff, bot og tap av rettar, jf. strl. § 29. Det varierer i kva grad desse er aktuelle å nytte på aktlause dødsfall etter strl. § 281. Det vil først bli gått gjennom reaksjonane som ikkje er relevante å nytte overfor gjerningspersonen som aktlaust valdar eit dødsfall i trafikken, på grunn av at reaksjonane ikkje vil stå i samhøve til konsekvensane den straffbare handlinga medfører.

Bot vil normalt ikkje vere ein aktuell reaksjon for aktlause handlingar som medfører eit dødsfall uavhengig av relasjonen mellom offeret og gjerningspersonen. Bot er i litteraturen

⁵⁰ Sjå Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433.

⁵¹ Sjå Innst. O. nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2.

⁵² Sjå Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433 med vidare tilvising.

⁵³ Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 605 flg.

slått fast til å vere aktuelt ved særleg mindre alvorlege lovbrot.⁵⁴ Det å utmåle ein bot som følgje av å valde eit dødsfall vil difor ikkje stå i samehøve med graden av alvoret konsekvensen av handlinga representerer.

Straffeforma *forvaring* vil ikkje vere relevant i situasjonar der gjerningspersonen aktlaust har vore årsak til eit dødsfall i trafikken. Ved aktlause handlingar som medfører eit dødsfall vil fengselsstraff eller andre reaksjonar vere «tilstrekkelig til å verne andres liv, helse eller frihet», jf. strl. § 40 første ledd. Det er heller ikkje normalt tale om fare for at domfelte vil gjennomføre eit nytt alvorleg lovbrot eller at det tidligare har vert forsøkt utøvd liknande lovbrot, da det er tale om aktlause handlingar, jf. § 40 andre og tredje ledd.

Når det gjeld *ungdomsstraff* etter strl. § 52a retter reaksjonen seg i større grad i retning av å vere ein reaksjon som skal bidra til at unge lovbytarar heldt seg unna kriminalitet.⁵⁵ Reaksjonen rettar seg mot lovbytarar som har «begått gjentatt» kriminalitet og aktlause dødsfall vil såleis falle utanfor, jf. strl. § 52a bokstav b.

Vidare vil det bli greia nærmere ut om kva reaksjonar etter strl. § 29 som kan vere aktuelle å nytte overfor lovbytarar som aktlaust har valda eit dødsfall i trafikken, jf. strl. § 281.

Tap av rettar er ein sentral reaksjon for straffbare handlingar som viser at vedkommande er «uskikket til eller kan misbruke en stilling, virksomhet eller aktivitet», jf. strl. § 56. Gjerningspersonen vil bli fråteken stillinga han eller ho har på tidspunktet for den straffbare handlinga.⁵⁶ Reaksjonen har dermed eit føremål for å sikre at ikkje liknande handlingar vil kunne oppstå i framtida. Ved aktlaust å valde eit dødsfall i trafikken kan dette vere ein aktuell reaksjon dersom lovbytaren til dømes arbeidar som yrkessjåfør. Dersom lovbytaren ikkje har eit arbeid som knytt seg til bilkøyring vil føremålet bak reaksjonen ikkje gjere seg gjeldande.

Samfunnsstraff er ein reaksjon som inneber at lovbytaren ikkje vert sett i fengsel, men som i staden skal gjennomføre «samfunnsnyttig tjeneste», «program» eller «andre tiltak som er

⁵⁴ Jf. Mæland (2012) s. 303; Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 637.

⁵⁵ Sjå Wegner (2015) s. 143.

⁵⁶ Berg (1999) s. 16.

egnet til å motvirke ny kriminalitet», jf. lov 18. 05. 2001 nr. 21 (lov om gjennomføring av straff, straffegjennomføringsloven, strgfjfl.) § 53 første ledd. Samfunnsstraff kan i mange tilfelle vere eit godt alternativ til tradisjonell fengsling.⁵⁷ Det følgjer av strl. § 48 bokstav a og b at det kan bli reagert med samfunnsstraff når det elles ikkje ville blitt «idømt strengere straff enn fengsel i 1 år» og «hensynet til straffens formål» ikkje taler mot ein reaksjon i fridom. Som rettspraksis overfor illustrerte var det ved særleg simple aktlause handlingar tale om å reagere med fengselsstraff under 1 år. Det opnar for at samfunnsstraff kan vere ein aktuell reaksjon overfor lovbytaren. Det følgjer likevel av rettspraksis at omsyna bak straff ikkje opnar for å nytte samfunnsstraff ovanfor aktlause dødsfall i trafikken, jf. Rt. 2005 s. 586 og Rt. 2007 s. 1774.⁵⁸ Det vert heller ikkje opna for å reagere med samfunnsstraff i situasjonar der ein nærståande av gjerningspersonen var offeret, det vart lagt vekt på at «særlig tungtveiende allmennpreventive hensyn» tilsa fengselsstraff, jf. Rt. 2010 s. 1317. Rettspraksis stenger dermed for at samfunnsstraff kan vere eit alternativ som kan nyttast i staden for fengsel, i tilfelle av aktlause dødsfall i trafikken. Bakgrunnen for dette er at «hensynet til straffens formål» taler mot å reagere med ein reaksjon i fridom, jf. strl. § 48 bokstav b.

Som vist i kapittel 3.2 var fengsel utan vilkår reaksjonen som i utgangspunktet skulle nyttast overfor lovbytaren. Det følgjer likevel av strl. § 34 første ledd ein moglegheit for retten til å bestemme at fullbyrdinga av fengselsstraffa «helt eller delvis utsettes» i ei prøvetid. I Rt. 1991 s. 829 (lnr. 89) som gjaldt uforsvarleg bilkøyring med høg fart som resulterte i utforkøyring der to av domfelte sine søner omkom gav Høgsterett dom på vilkår. Retten la vekt på at domfelte hadde eineomsorg for ein tredje son og at domfelte vil måtte leve resten av livet i medvit av at han var årsak til at to av sönene døde. Dommen opnar for å leggje vekt på den nære relasjonen og at det difor ikkje var tenleg å reagere med fengsel utan vilkår, jf. strl. 1902 §§ 52 til 54. I andre dommar har relasjonen mellom offeret og gjerningspersonen ikkje vert tilstrekkeleg til å fråvike utgangspunktet om fengsel, jf. til dømes Rt. 1992 s. 175, Rt. 1977 s. 250 og HR-1991-1774-S. Den nære relasjonen til offeret vart ikkje lagt vekt på i dei to siste avgjerslene til tross for at det var dei domfelte sine brør som omkom.

⁵⁷ Halvorsen jr. (2003) s.170.

⁵⁸ Sjå også Matingsdal (2017) s. 161.

3.3.2 Andre strafferettslege reaksjonar etter strl. § 30

Dei andre strafferettslege reaksjonane som vart presentert i kapittel 2.3 var straffeutmålingsutsetjing, straffeutmålingsfråfall, overføring til tvungent psykisk helsevern og tvungen omsorg, inndraging, påtalefråfall, overføring til konfliktråd og tap av retten til å føre motorvogn, jf. strl. § 30. Først vil reaksjonane som ikkje vert påverka av om offeret er ein nærståande bli gjennomgått.

Overføring til tvungent psykisk helsevern og tvungen omsorg er særreaksjonar som er aktuelle å nytte ovanfor lovbytarar som vert fri for straffansvar, jf. strl. § 20. Det vil ikkje påverke valet av reaksjonane om offeret for den straffbare handlinga er ein nærståande av lovbytaren, ettersom reaksjonane vert gitt for å «verne andres liv, helse eller frihet», jf. strl. §§ 62 første ledd, første punktum og 63 første ledd.

Vidare vil ikkje *inndraging* jf. kapittel 13 i straffelova vere ein reaksjon som vil stå i samhøve med alvoret eit dødsfall i trafikken representerer. Føremålet bak inndraging er å hindre at domfelte tener på brotsverket.⁵⁹ Det eksisterer ikkje eit utbytte som følgje av aktlause handlingar som medfører eit dødsfall i trafikken og føremålet bak reaksjonen gjer seg ikkje gjeldande. Når det gjeld *overføring til konfliktråd* vil heller ikkje føremålet bak regelen opne for å nytte reaksjonen ved aktlause handlingar som medfører eit dødsfall på grunn av ein nærståande relasjon. Lovbrotet vil ikkje «egne [...] seg for slik behandling» ettersom fornærmande ikkje lever, jf. strpl. § 71a første ledd.⁶⁰

Strafferettsreaksjonen om å *utsetje straffutmåling* etter strl. § 60 inneber at sjølv om domfelte er skyldig, vert det «utsett [...] å utmåle straff» i ei prøvetid. Det å utsetje straff i situasjonar der domfelte aktlaust valdar ein anna person sin død, vil medføre at straffeskulda vert betre konstatert ettersom det vert gjort ein domstolsbehandling av saka.⁶¹ Det vil likevel ikkje vere sentralt å utsetje straffutmåling for aktlause handlingar som medfører dødsfall i trafikken ettersom det ikkje er same behov for å vurdere om lovbytaren endrar åtferd. Dette støttast

⁵⁹ Sjå Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 651 med vidare tilvising.

⁶⁰ Sjå Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 648.

⁶¹ Jf. Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 650.

også opp av at det i teorien er tatt til ordet for at reaksjonen er meir aktuell ved mindre alvorlege lovbroter og er særleg relevant overfor unge lovbytarar.⁶²

Tap av førarkort vil derimot kunne vere ein reaksjon som kan vere aktuell å nytte ved dødsfall framkalla i trafikken. Reaksjonen vil likevel ikkje åleine vere tilstrekkeleg for å konstatere alvoret den straffbare handlinga medførte. I innstillinga frå samferdselkomiteen om vegtrafikklova vart det slått fast at tap av førarretten vil vere ein sentral reaksjon i situasjonar der føraren «anses usikket» til å føre motorvogn.⁶³ Reaksjonen rettar seg mot «hensynet til trafikksikkerheten» og dermed for å hindre framtidige farar, jf. lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk (vegtrafikkloven, vtrl) § 33 nr. 1. Det å nytte tap av førarkort som einaste reaksjon overfor dødsfallet vil dermed ikkje vere tilstrekkeleg. Det kan likevel vere gode grunnar for at tap av førarkort kan vere ein tilleggsreaksjon som vert idømt ved aktlause dødsfall i trafikken, jf. strl. § 29 andre ledd, jf. strl. § 30 bokstav h, jf. vtrl. § 33 nr. 1. Rettspraksis illustrerer og at dette er tilfelle, jf. HR-2018-1050-U og Rt. 2012 s. 1453.

Vidare vil det bli gjennomgått kva andre strafferettslege reaksjonar etter strl. § 30 som kan vere aktuelle å nytte ved straffutmåling overfor lovbytarar som «uaktsomt forvolder en annens død» og som har relasjon til offeret, jf. strl. § 281. *Straffeutmålingsfråfallsregelen* etter strl. § 61 vil i stor grad vere aktuell å nytte overfor aktlause handlingar dersom det vil vere urimeleg å utmåle straff.⁶⁴ Det følgjer av strl. § 61 at sjølv om gjerningspersonen kan haldast strafferettsleg ansvarleg kan retten når «helt særlige grunner» tilseier det, fråfalle å utmåle straff. Straffeutmålingsfråfallregelen blei oppretta på bakgrunn av at det i unntakstilfelle kunne vere urimeleg å reagere med straff sjølv om dei straffbare vilkåra var innfridd.⁶⁵ Kva som nærare ligg i vilkåra for å kunne nytte seg av unntaksregelen vil bli utpensla i lys av betraktingar frå forarbeida.

Etter strl. § 61 første ledd «kan» retten fråfalle å utmåle straff når «helt særlige grunner» tilseier det. Ved vurderinga av om det føreligg «helt særlige grunner» skal det vurderast om utmåling av straff er ei «urimelig tilleggsbelastning» for lovbytar og om «hensynet til

⁶² Andenæs (2016) s. 481. Sjå også Innstilling fra strafferådet, endringer i det strafferettslige reaksjonssystemet overfor unge lovbytere (1963) s. 70.

⁶³ Jf. Innst. O. nr. 15 (1964-1965) s. 17.

⁶⁴ Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433.

⁶⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 109.

straffens formål og virkninger for øvrig» ikkje tilseier at det må utmålast ein reaksjon, jf. strl. § 61 andre ledd. Sjølv om dette ikkje er ei uttømmande opprekning av kva som kan leggjast vekt på er det tatt til ordet for at vilkåra må vere innfridd for at unntaksregelen skal kunne nyttast og at regelen må betraktast som ein skal-regel når dei nemnte vilkår er innfridd.⁶⁶

Ordlyden av «særlege grunner» tilseier at det må vere sterke haldepunkter frå å fråvike å utmåle straff og at det er ein høg terskel for å nytte unntaksregelen. Dette har ein samanheng med at utgangspunktet i strafferetten er at skyldige gjerningsmenn skal dømmast. For at det skal bli lagt vekt på om straffutmåling vil medføre ei «urimelig tilleggsbelastning» tilseier ordlyden at den straffbare handlinga allereie i seg sjølv utan etterfølgjande straffereaksjon medfører ei stor *belastning* for gjerningspersonen.⁶⁷ Det er i innstillinga frå justiskomiteen frå 2004-2005 tatt til ordet for at regelen tek sikte på å omfatte aktlause lovbroten som har ramma gjerningspersonen svært hardt.⁶⁸ Forarbeida presiserer at det vil kunne vere ekstra belastande å bli idømt straff for å vere årsak til ein «nærståendes død» og bruker barn som eit døme.⁶⁹ Det følgjer også av Justiskomiteen si innstilling i 2009 at regelen er sentral i situasjonar der gjerningspersonen aktlaust har vert årsak til eit dødsfall som har ramma dei «nærmeste», eit «nært familiemedlem» eller andre «nærstående».⁷⁰ Legaldefinisjonen av «de nærmeste» er i strl. § 9 bokstav a til f satt til å omfatte store deler av familien. Til dømes nemnast «ektefelle, slektninger i direkte linje og søskjen, ektefellens slektninger i direkte linje og søskjen og forlovede». Det kan likevel ikkje opnast for at regelen automatisk også gjeld for «de nærmeste», då diskusjonen i forarbeida gjaldt prinsippet rundt straffeutmålingsfråfallregelen og ikkje kven regelen skulle vere aktuell for.⁷¹ Legaldefinisjonen vil også berre vere relevant der vilkåret vert nytta i den konkrete føresegne.⁷² Forarbeida er her ikkje klare på kven regelen skal vere aktuell overfor for.⁷³

Uavhengig av kven regelen måtte gjelde for, må også «hensynet til straffens formål og virkninger for øvrig» ikkje tale mot at det må utmålast ei straff, jf. strl. § 61 andre ledd. Det er

⁶⁶ Sjå Innst. O. Nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2; Lånke (2016) s. 164.

⁶⁷ Sjå Lånke (2016) s. 165.

⁶⁸ Jf. Innst. O. nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2.

⁶⁹ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 197.

⁷⁰ Innst. O. nr. 73 (2008-2009) pkt. 6.2.

⁷¹ Holmboe (2011) s. 407.

⁷² Holmboe (2011) s. 407 med vidare tilvising.

⁷³ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 197.

i innstillinga frå 2004-2005 tatt til ordet for at det må bli gjort ei nærare vurdering av om preventive omsyn og straffa sin funksjon til å oppretthalde sosial ro og orden i samfunnet tilseier at det må reagerast med straff på det konkrete tilfelle.⁷⁴

Forarbeida legg til grunn at det kan vere aktuelt å gjere unntak frå å utmåle straff for dei urettmessige aktlause handlingane som er «unnskyldelig og situasjonsbestemt».⁷⁵ Justiskomiteen fastslo vidare i innstillinga at straffeutmålingsfråfall kan vere aktuelt der gjerningspersonen ved eit «øyeblikks uoppmerksamhet har rygget over og drept sitt barn» eller ved drap der domfelte hjelper offeret som ynskjer å døy.⁷⁶ Vidare stenger innstillinga for bruk av regelen der ulukka oppstår som følgje av køyring i alkohol eller ruspåverka tilstand. Det opnast her for at regelen kan vere aktuell dersom den simple aktlause handlinga ligg i nedre sjikt av simpel aktløyse, altså for handlingar som har preg av hendelege uhell. Som ein følgje av dette vil det ikkje vere grunnlag for å fråfalle straffutmåling på forhold der domfelte har handla grovt klanderverdig ved å framkalle fare for ei alvorleg ulukke.⁷⁷ Det er i slike situasjonar vere eit større behov for å beskytte samfunnet og samfunnsborgarar for køyring i påverka tilstand på grunn av det store skadepotensiale køyringa medfører. Det må difor vurderast konkret om regelen kan nyttast i lys av graden av klander den straffbare handlinga representerer.

Regelen gjeld for unntakstilfelle og dette er synbart i praksis.⁷⁸ Det er per dags dato ingen relevante høgsterettsavgjersler ved bruk av straffeutmålingsfråfallsreglen der domfelte aktlaus har vert årsak til eit dødsfall i trafikken. Rettspraksis illustrerer, som vi såg tidligare, at det skal bli reagert med ein streng straffreaksjon, uavhengig av forhold til offeret. At det likevel kan opnast for bruk av regelen ved tilfelle av liten aktløyse utan at det føreligg praksis på området har gode grunnar for seg. Situasjonar der fråfall av straff vil vere aktuelt å reagere med ligg ofte i eit grensetilfelle ved spørsmålet om påtalestyremakta skal ta ut ein tiltale.

Påtalefråfall etter straffeprosesslova vil difor og vere ein aktuell reaksjon å nytte i situasjonar der offeret av den aktlause dødsulukka har tilknyting til lovbrytaren. Det følgjer av strl. § 69 at påtalestyremakta kan la vere å påtale handlinga når det føreligg «helt særlige grunner». Det

⁷⁴ Innst. O. nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2.

⁷⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 458.

⁷⁶ Jf. Innst. O. nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2.

⁷⁷ Sjå Holmboe (2011) s. 409.

⁷⁸ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 458.

leggjast opp til ei konkret skjønnsprega vurdering av om den straffbare handlinga ikkje bør forfølgjast vidare. Forarbeida presiserer at i situasjonar der foreldre uoppmerksamt køyrer over sine barn eller andre situasjonar der omsynet til straffa sine preventive verkingar gjer seg mindre gjeldande vil vere aktuelle for påtalefråfall.⁷⁹ Det er likevel ei konkret vurdering i kvart tilfelle, jf. «helt særlege grunner» og vurderinga etter strpl. § 69 er i stor grad parallell ved vurderinga etter straffeutmålingsfråfallsregelen i strl. § 61.⁸⁰ Det sentrale ved påtalefråfall er derimot at gjerningspersonen ikkje behøver å gjennomgå den påkjenninga som rettsforhandlinga medfører.⁸¹

3.3.3 Oppsummering

Hovudintrykket etter gjeldande rett er først og fremst at det skal tungtvegande grunnar til for å reagere med andre reaksjonar enn fengsel utan vilkår overfor gjerningspersoner som «uaktsomt forvolder en annens død» i trafikken, jf. strl. § 281. Mange av reaksjonane som formelt vert rekna som straff og dei andre strafferetslege reaksjonane vil ikkje indikere alvoret eit dødsfall representerer. Kva andre reaksjonar som kan vere aktuelle avhenger i stor grad av klandera den aktlause handlinga representerer. Dette har samanheng med i kva grad omsyna bak straff gjer seg gjeldande og kven som kan bli utsatt for fare. Vidare gjer gjeldande rett også inntrykk av at kor nærståande det konkrete forholdet til offeret er, har betydning. Vi har sett at dersom offeret er lovbrrytaren sitt barn opnast det særleg for at det kan leggjast vekt på ved val av reaksjon.

Reaksjonane det kan vere aktuelle å nytte overfor lovbrrytar som aktlaust valdar ein nærståande sitt dødsfall i trafikken kan vere dom på vilkår om det har gode grunnar for det. I situasjonar der graden av aktløysa var svært liten kan det vidare vere aktuelt å nytte reaksjonane påtalefråfall eller straffeutmålingsfråfall.

⁷⁹ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 433.

⁸⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 458.

⁸¹ Andenæs mfl. (2016) s. 522.

4 Den nærståande relasjonen si vekt ved fastsetting av reaksjonsomfanget

4.1 Innleiing

Kapittel 3 illustrerte at det skal særleg tungtvegande grunnar til for å reagere med andre reaksjonar enn fengsel etter strl. § 29 bokstav a for situasjonar der gjerningspersonen «uaktsomt forvolder en annens død » i trafikken, jf. strl. § 281. Det vil i dette kapittelet bli vurdert i kva grad den konkrete relasjonen til offeret kan påverke reaksjonsomfanget. Vi har sett at reaksjonslengda kan variere «inntil 6 år», jf. strl. § 281, men ikkje lågare enn «14 dager», jf. strl. § 31 andre ledd. Det vil bli nærmere drøfta om vurderingane som var sentrale for val av reaksjonar også vil kunne vere utslagsjegvande ved fastsetjinga av den konkrete reaksjonslengda. Det vil først bli tatt stilling til korleis lov og forarbeid stil seg til å leggje vekt på relasjonen ved straffutmåling (punkt 4.2). Vidare vert det nærmere greia ut om korleis rettspraksis vurderer den konkrete relasjonen ved utmålinga (punkt 4.3). Relevante moment ved straffutmålinga er særleg alvoret ved lovbroten, skaden sitt omfang, graden av skuld og andre etterfølgjande omstende.⁸²

4.2 Lov og forarbeid når det gjeld å fastsette reaksjonsomfanget

Det går fram av strl. § 78 bokstav g at ved «straffutmålingen skal» det vektleggjast i formildande retning at lovbytaren «selv er hardt rammet» av lovbroten eller at straffreaksjonen vil bli ein «sterk belastning på grunn av [...] andre omstendigheter». Føresegna heimlar tidligare gjeldande rett etter rettspraksis og oppramsinga er ikkje uttømmande regulert.⁸³ Bakgrunnen for regelen er at dersom brotsverket eller lovbytaren sin livssituasjon etter brotsverket, tilseier at det vil kunne vere urimeleg å reagere med ei lengre fengelsesstraff kan det opnast for å vektleggje det konkrete forholdet i formildande retning ved fastsetjinga av reaksjonen.⁸⁴

⁸² Sjå Andenæs (1997) s. 415-425.

⁸³ Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 272.

⁸⁴ Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 707.

I kva situasjonar lovbytaren «selv er hardt rammet» kan ikkje trekkast direkte ut frå føresegna. Ordlyden tilseier at lovbroten har medført store konsekvensar for gjerningspersonen. Forarbeida legg til grunn at konsekvensane både gjeld fysiske og psykiske skadar som den straffbare handlinga har påført lovbytaren. Vidare slår forarbeida fast at moglegheita for å leggje vekt på at lovbytaren «selv er hardt rammet», særleg er aktuell overfor straffansvar som lovbytaren har pådratt seg som følgje av aktlause handlingar.⁸⁵ Etter dette kan det leggjast vekt på i straffutmålinga som eit formildande moment at domfelte i ettertid av ulukka vert hardt ramma psykisk på grunn av dødsulukka. Forarbeida legg til grunn at det likevel må vere tale om ein psykisk reaksjon utover ein viss karakter.⁸⁶ Dette støttast også opp av Rt. 2012 s. 1453 avsnitt 24, der det vert slått fast at det ikkje er tilstrekkeleg at domfelte får enkelte psykiske plagar som normalt vil oppstå som følgje av ei så alvorleg ulukke som aktlaust drap. Sjølv om terskelen er relativ høg, kan det å vere årsak til at ein nærståande person dør gå svært hardt inn på den enkelte og trekke i retning av at forholdet kan leggjast vekt på ved utmålinga.

Vidare kan det leggjast vekt på i formildande retning at ein straffreaksjon vil vere ei «sterk belastning på grunn av høy alder, sykdom eller andre omstendigheter», jf. strl. § 78 bokstav g. Da føresegna opnar for å gjere unntak grunna personlege forhold hjå domfelte, kan det å vere årsak til ein nærståande sin død falle inn under vilkåret «andre omstendigheter». Vilkåret «sterk belastning» sett og ein høy terskel for når det opnast for å leggje vekt på relasjonen i formildande retning. Det leggjast opp til ei konkret vurdering om situasjonen vil medføre ei meirbelastning for domfelte enn det sjølve straffa skal indikere.⁸⁷

Etter dette opnar strl. § 78 g for å leggje vekt på relasjonen dersom det har gått hardt inn på domfelte. Korleis det ved straffutmålinga kan leggjast vekt på at lovbytaren «selv er hardt rammet» av lovbroten er ikkje nærrare presisert i § 78 eller forarbeida til føresegna.⁸⁸ Det følgjer av riksadvokaten sitt rundskriv at momenta skal bli tatt i betraktning ved reaksjonsfastsettinga innfor dei ordinære strafferammene.⁸⁹ Ut over dette er det ikkje gitt

⁸⁵ Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 276.

⁸⁶ Sjå Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 276.

⁸⁷ Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 276.

⁸⁸ Sjå vidare Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 276.

⁸⁹ Sjå Rundskriv riksadvokaten, nr. 2/2015, pkt. 2.

nærare retningslinjer for om relasjonen kan medføre at reaksjonslengda skal reduserast eller om deler av fengelsesstraffa skal bli gjort om til dom på vilkår.

4.3 Rettspraksis om relasjonen til offeret som eit formildande moment ved reaksjonsomfanget

4.3.1 Innleiing

Det vil i dette kapittel bli tatt stilling til i kva grad og korleis Högsterett opnar for å leggje vekt på relasjonen til offeret som eit formildande moment ved straffutmålinga for gjerningspersonen. Det vil bli lagt opp til ei nærmere vurdering ut frå tre forskjellige relasjonstypetilfelle. Først vil det bli tatt utgangspunkt i situasjonane der offeret av det aktlause dødsfallet i trafikken er lovbytaren sitt barn (punkt 4.3.2). Deretter vil det bli vurdert om Högsterett vektlegg relasjonen annleis i situasjonar der offeret er andre familiemedlem eller kjærast av lovbytaren (punkt 4.3.3). Til slutt vert det sett på kva vekt relasjonen har når offeret er ein venn av domfelte (punkt 4.3.4). Det sentrale når högsterettspraksis vert vurdert er å avdekkje korleis Högsterett vektlegg relasjonen og kva som kjenneteiknar dei type tilfella der relasjonen blir lagt vekt på.

4.3.2 Offeret er barnet til lovbytaren

Det føreligg lite högsterettspraksis knytt til dødsfall der domfelte aktlaust er årsak til at han eller henna sine eigne barn dør. Mangel på rettspraksis kan illustrere at slike dødsfall sjeldan skjer. Eit forhold føreligg likevel i nemnte Rt. 1991 s. 829 (lnr. 89), der lovbytaren aktlaust valda to av sine søner sin død som følgje av ei utforkjøring med for høg fart. Högsterett opna for å setje heile straffa til domfelte på vilkår. Sjølv om køyringa som medførte dødsfallet tilsa at straffa burde setjast som fengsel utan vilkår, la retten vekt på at gjerningspersonen må leve med vissheita om at han var årsak til at sine to søner vart drepne. Det vart på grunn av relasjonsforholdet og på grunn av at domfelte hadde omsorg for ein tredje son, opna for å leggje vekt på omstenda i formildande retning. At heile straffa blei satt på vilkår kan då bli tatt til inntekt for at det i situasjonar der offeret er lovbytaren sitt barn, kan vere grunnlag for ein mildare reaksjon sjølv om handlinga er klanderverdig. Likevel illustrerer dommen og at relasjonen til offeret ikkje var tilstrekkeleg åleine, også omsynet til andre i familien vart lagt vekt på ved straffutmålinga. Dette kan illustrere at også omsynet til familien til lovbytaren

har betydning og at det saman med at offeret er lovbytaren sitt barn kan ha stor vekt i straffutmålinga.

4.3.3 Offeret er eit anna familiemedlem eller kjærast av lovbytaren

Ved aktlause dødsfall som rammar kjærasten eller andre familiemedlem av lovbytaren er det i større grad relevant praksis som illustrerer korleis relasjonsforholdet vert veklagt ved utmålinga av fengselsstraff. I Rt. 1995 s. 1848 opna ikkje retten for å leggje vekt på at domfelte sin kjærast omkom som følgje av bilulukka. Dommen gjaldt køyring med for høg fart etter forholda, men det var likevel ikkje grunnlag for å karakterisere den konkrete aktløysa som *grov* i følgje Högsterett. Sjølv om det ikkje var tale om grov aktløyse skjerpa Högsterett straffa som byretten hadde fastsatt, då byretten la for stor vekt på at det var kjærasten som omkom ved straffutmålinga. Högsterett satt straffa til 120 dagar fengsel i lys av liknande rettspraksis. I også Rt. 1990 s. 211 som handla om ei dødsulukke som oppstod på grunn av uforsvarleg forbikøyring, la ikkje Högsterett vekt på at det var domfelte sin kjærast som omkom ved ulukka. Retten la i staden for vekt på at allmennpreventive omsyn tilsa at det måtte utmålast fengsel utan vilkår og straffa vart satt til 120 dagar. Dommane illustrerer at Högsterett er tilbakehaldne med å leggje vekt på relasjonen som formildande moment for aktlause handlingar som har større grad av klander, men som fortsatt karakteriserast som simpel aktløyse.

I Rt. 2010 s. 1317 fekk derimot relasjonsforholdet vekt ved straffutmålinga. Dommen handla om køyring i alkohol og ruspåverka tilstand. Högsterett la vekt på at domfelte var hardt ramma ved at han sleit psykisk i ettertid av ulukka, dette var likevel ikkje tilstrekkeleg for å redusere straffelengda. Derimot vart deler av straffa gjort på vilkår, i lys av Rt. 2004 s. 712, då retten la særleg vekt på at domfelte «mistet sin kjæreste i bilulykken». Fengselsstraffa vart satt til eitt år og sju månadar, der 11 månadar vart gjort på vilkår. Også i HR-1991-1774-S la Högsterett sitt kjæremålsutval vekt på relasjonsforholdet. Det var her tale om ei bilulukke der domfelte sin bror omkom som følgje av promillekøyring. Högsterett sitt kjæremålsutval reduserte straffelengda mellom anna på grunn av relasjonen. Endeleg straff vart satt til 1 år og 2 månadar.

Högsterett vektlegg likevel ikkje relasjonen likt i alle situasjonar av grov aktløyse som inkluderer promille. I Rt. 1977 s. 250 var det og tale om promillekøyring der domfelte sin

bror omkom, relasjonen til offeret var ikkje vektlagt i dette tilfelle. Høgsterett grunngav dette med at domfelte hadde utsatt andre for ei stor fare ved å køyre ei svært lang strekning med høg promille. Domstolen fastslo fengselsstraffa til 1 år. Heller ikkje i Rt. 1992 s. 175 vart relasjonen til offeret lagt vekt på. Det var her tale om uforsvarleg køyring med høg promille, der ektefella til domfelte døydde som følgje av ei utforkøyring. Retten la også her vekt på at omsyna bak straffeføresegna gjorde seg gjeldande i stor grad, da køyringa utsette andre trafikantar for svært stor fare. Det var difor ikkje grunnlag for å vektlegge relasjonen i formildande retning ved å gjere deler av fengselsstraffa på vilkår. Fengselsstraffa vart satt til eitt år og to månadar. Rettspraksis illustrerer at det varierer kva vekt lovbrytaren sin kjærast eller eit anna familiemedlem har ved straffutmålinga. Høgsterett er særleg ikkje konsekvens når det gjeld kva vekt relasjonsforholdet kan få ved straffutmålinga for grove aktlause handlingar.

4.3.4 Lovbrytaren er venn av offeret

Ved aktlause dødsfall i trafikken som resulterer i at ein venn av domfelte dør kan Rt. 1978 s. 1275 bli tatt til inntekt for at Høgsterett ikkje aukar straffa fordi det var domfelte sin nære venn som omkom. Dommen handla om ei bilulukke som oppstod då ein 16 år gammal gut køyrde med promille. Straffa vart satt til seks månadar der 120 dagar vart satt på vilkår. Dommen kan likevel ikkje bli tatt til inntekt for at straffelengda vart reduserast som følgje av vennskapet, då anken frå forsvararen si side heller ikkje førte fram. Heller ikkje i Rt. 2007 s. 1774 la Høgsterett vekt på at det var domfelte sin kamerat som omkom. Dommen gjaldt kollisjon ved småbåt som følgje av manglande vikeplikt og straffa vart satt til 30 dagar fengsel.

Vidare vart det ikkje i Rt. 1990 s. 1257 tatt stilling til at det var domfelte sin venn som omkom. Domfelte hadde køyrd med promille på ein smal grusvei med ein fart på ca. 70 km/t. Sjåføren mista kontroll over bilen slik at bilen vart kasta rundt. Sjåføren sin venn var passasjer og omkom som følgje av ulukka. Straffa vart satt til 1 år fengsel utan vilkår. Også Rt. 1987 s. 1382 som gjaldt køyring av bil med promille vart heller ikkje vennskapet vektlagt. Sjåføren hadde over 1.5 i promille og ein fart på minst 110 km/t i ei 60-sone. Han køyrde som følgje av dette utanfor vegen og to av venane hans omkom. Rettspraksis kan illustrere at vennskap ikkje er tilstrekkeleg til å vektlegge relasjonen ved straffutmålinga, særleg om promille er involvert.

4.3.5 Oppsummering

Gjennomgangen av rettspraksis illustrerer at der offeret er gjerningspersonen sitt barn kan det leggast vekt på i formildande retning ved straffutmålinga. Momentet åleine vil likevel ikke vere utslagsgevande ved meir klanderverdige handlingar enn ubevisst simpel akløyse, men omsynet til resterande familiemedlem kan da ha betydning ved straffutmålinga.

Når det gjeld andre familiemedlem vert det ikkje ved simple aktlause handlingar automatisk lagt vekt på relasjonen. Det er likevel verdt å merke seg at i desse situasjonane er straffelengda lågare på grunn av at den aktlause handlinga ikkje kan karakteriserast som grov og at Högsterett av den grunn kan vere tilbakehaldne med å leggje vekt på forholdet.

Högsterett grunngir her mangelen på vektlegging av relasjonen gjennomgåande i allmennpreventive omsyn og behovet for tryggleik i trafikken. I enkelte tilfelle vektlegg likevel Högsterett relasjonen til offeret ved grov akløyse. Dette kan mogleg grunngis i at Högsterett opnar for å vurdere om forholdet kan vektleggjast dersom straffa som er fastsatt i tidligare avgjersler er for høg. At det blei vektlagt i HR-1991-1774-S og ikkje i Rt. 1977 s. 250 illustrerer dette, da offeret i begge saker var domfelte sin bror og skuldbetraktingane var relativ like.

5 Rettspolitisk vurdering av rettstilstanden

5.1 Innleiing

Gjennomgangen av gjeldande rett illustrerer korleis den nærståande relasjonen til offeret kan bli vektlagt ved straffutmålinga. Det er i stor grad varierande kva vekt relasjonen får og det som er avgjerande er graden av klander og kor nærstående offeret er for lovbytaren. Ved aktlause dødsfall i trafikken som skjer på grunn av promillekøyring er det svært lite rom for å leggje vekt på kven offeret er for gjerningspersonen, både ved val av reaksjon og reaksjonsomfang. Allmennpreventive omsyn og skuldbetraktnigar grunngir dette. For dødsfall som skjer på grunn av simpel aktløyse kan det vere rom for å reagere med andre strafferetslege reaksjonar enn fengsel utan vilkår. Om det ikkje vil vere aktuelt å reagere med andre reaksjonar enn fengsel for dei simple aktlause handlingane i nedre sjikt av vilkåret, vil det i desse tilfella vere større rom for å leggje vekt på relasjonen ved val av reaksjonsomfanget for fengselsstraffa. Det er også særleg i rettspraksis opna for å leggje vekt på omsorgspliktar som gjerningspersonen har overfor andre nærståande når reaksjonsomfanget skal bli fastsatt for simple aktlause handlingar.

Det vil i dette kapittelet bli vurdert om rettstilstanden har gode grunnar for seg sett i lys av grunngjevinga bak kvifor vi straffar og omsyna bak straffutmåling som vart presentert i kapittel 2. Sentralt stod som nemnt prevensjonsomsynet, likebehandlingsprinsippet og samhøveprinsippet.⁹⁰ Kapittelet er delt i tre delkapittel der kvar relasjonsgruppe som vart trekt fram i kapittel 4 blir nærmare vurdert. Drøftinga vil og fokusere nærmare på skiljet som knytt seg til graden av aktløyse som tidligare i oppgåva har vist seg å vere av stor betyding ved spørsmålet om relasjonen til offeret kan vektleggjast.

5.2 Offeret er lovbytaren sitt barn

5.2.1 Dødsfallet oppstår som følgje av ei ubevisst simpel aktlaus handling

I situasjonane der den urettmessige handlinga som medfører dødsfallet er av ein så simpel karakter av aktløyse at den har preg av hendelege uhell, opnast det for at straff kan fallast frå

⁹⁰ Sjå Eskeland (2017) s. 440 flg.

dersom offeret er lovbrytaren sitt barn, jf. strl. § 61 og strpl. § 69.⁹¹ På bakgrunn av grunngjevinga for straff og straffutmåling vil det etter mi meining vere gode grunnar for dette. I kapittel 2 blei det vist til at særleg samhøveprinsippet stod sentralt ved fastsetting av straffutmålinga.⁹² Eit dødsfall er svært alvorleg, men likevel tilseier samhøve mellom brotsverket og straffa at det kan vere rom for å reagere med ein mildare reaksjon dersom den aktlause handlinga er av ein ubevisst simpel karakter. Grunnen til at det bør reagerast mildare i desse tilfella har samanheng med at lovbrytaren har liten grad av skuld og at eit straffansvar vil vere svært alvorleg for lovbrytaren.

At straffansvar i slike tilfelle vil vere svært alvorleg for lovbrytaren har samanheng med at dødsfall på eigne barn vil vere ei form for straff i seg sjølv. Det å vere årsak til at sitt eige barn dør som følgje av ei ubevisst aktlaus handling og i tillegg bli dømt til straffansvar for det kan vere svært brutalt for den enkelte gjerningsperson. Ved ei ubevisst aktlaus handling var det aldri ei hensikt å utsetje barnet for fare, som ei følgje av dette kan det vere urimeleg å reagere med straff på handlinga.

Prevensjonsomsyna bak straff vil heller ikkje gjere seg gjeldande på same måte ved simple aktlause handlingar av ein ubevisst karakter.⁹³ Når det gjeld det individualpreventive argumentet vil det ved aktlause dødsfall som oppstår på grunn av ei handling som er i nedre grense av aktløyse kravet gjerne ha preg av å vere eit hendeleg uhell og det vil difor ikkje vere same behov for å straffe lovbrytaren for å hindre liknande situasjonar. Sjølve dødsfallet vil etter mi meining truleg styre den framtidige åferda til gjerningspersonen bort frå slike handlingar. Det er naturleg å tenke at gjerningspersonen har lært som følgje av dødsulukka. Det vil heller ikkje vere same behov for å straffe vedkommande for å illustrere at han eller ho har gjort noko galt, ettersom handlinga i seg sjølv ikkje fremjar ei direkte fare.

Allmennpreventive omsyn vil heller ikke tale mot å fråfall straff for aktlause handlingar av svært liten klander.⁹⁴ Det er truleg ikkje moglegheita for å bli straffa som medfører at andre individ opptrer ekstra forsiktig, men det faktum at individet ikkje vil miste sitt barn. Det vil

⁹¹ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 458.

⁹² Gröning, Husabø og Jacobsen (2019) s. 605.

⁹³ Sjå vidare Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 197.

⁹⁴ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 197.

heller ikkje vere eit like stort behov for å sende ut eit signal i samfunnet for å illustrere at den klanderverdige handlinga var gal. Handlingar som har preg av ubevisst simpel aktløyse vil ofte knytte seg til meir daglegdagse handlingar. Sjølv om konsekvensane vert fatale er det ikkje same behov for å slå ned på til dømes rygging av ein heilt simpel uoppmerksam karakter kontra å bevisst rygge utan å sjå seg føre og dermed utsetje barnet for fare. Det vil heller ikkje på same måte vere behov for å reagere med straff for å oppnå rettferd i samfunnet, da dødsfallet i stor grad går utover lovbytaren. Vidare vil det også gå svært hardt ut over den konkrete familie dersom lovbytaren skal bli til dømt ei straff som medfører at vedkommande vert tatt bort frå familien.⁹⁵

5.2.2 Dødsfallet oppstår som følgje av ei bevisst simpel aktlaus handling

For dei simple aktlause handlingane som har større preg av klander der gjerningspersonen bevisst tek ein risiko, vil omsyna bak straff i større grad gjere seg gjeldande. Utøvast det ein handling som lovbytaren i større grad bør forstå kan medføre alvorlege konsekvensar, tilseier samhøveprinsippet at det er rimeleg å reagere med straff. Om gjerningspersonen heldt det som ein moglegheit at det kan gå galt er det og større grunnlag for å halde vedkommande ansvarleg.

Likebehandlingsprinsippet vil trekke i denne retning, ettersom når det først vert utøvd ei straffbar handling som lovbytar er klar over er straffbar bør det slåast ned på handlinga på same måte som for andre individ som utfører same handling. Bakgrunnen for at det bør bli slått ned på slike situasjonar med straff, sjølv om det går ut over ein nærståande av lovbytaren, er fordi vedkommande tek eit val som utsett barnet for fare. Påtalefråfall og straffeutmålingsfråfall bør difor ikkje vere aktuelle reaksjonar i situasjonar der lovbytaren bør forstå at handlinga kan medføre alvorlege konsekvensar.⁹⁶

Særleg omsynet til allmennpreventive omsyn vil i større grad gjere seg gjeldande her enn for dei ubevisst simple aktlause handlingane, da det er ynskjeleg å straffe for å hindre at andre utfører den same risikofylte handlinga i framtida. Om det likevel vil vere optimalt å fastslå same reaksjon og reaksjonsomfang som vil vere aktuelt å fastslå overfor ein lovbytar som ikkje har tilknyting til offeret kan vurderast nærmere. Det kan vere rom for å reagere mildare i

⁹⁵ Sjå Jacobsen (2004b) s. 394.

⁹⁶ Sjå her Holmboe (2011) s. 409.

situasjonar der offeret er lovbytaren sitt barn. Dette har samanheng med at lovbytaren allereie ved dødsfallet vil bli hardt ramma av situasjonen.⁹⁷ Det at lovbytaren må leve vidare med at han valda dødsfallet på barnet sitt kan medføre at dødsulukka har «konsekvenser utover det vanlige» for lovbytaren, jf. Rt. 2012 s. 1453 avsnitt 24. Vidare vil det også i stor grad vere av interesse at dei private interesser som vert krenkja av den straffbare handlinga kan seiast å liggje hjå lovbytaren, ettersom det er lovbytaren sitt barn som døyr. Sjølv om alle barn har like stor verdi og behov for tryggleik, kan det i slike tilfelle vere grunnlag for å opne for ei nærmere vurdering av det konkrete reaksjonsomfanget som skal utmålast som følgje av dødsulukka.

Vidare vil dødsfallet på barnet i stor grad også bidra til å styre åferda til domfelte. Ved klanderverdige handlingar som til dømes uforsvarleg køyring i trafikken vil det likevel også vere eit behov for sende ut signal om at slik køyring ikkje er akseptabelt. I den grad det vil kunne opnast for å redusere utmålinga, vil det likevel ikkje svekke allmennpreventive omsyn med mindre det vert føretatt ei uforsvarleg avkorting. Det er ikkje slik at jo høgare straffelengda er jo større trusselfunksjon har straffa.⁹⁸ Av den grunn bør det kunne vere grunnlag for å kunne opne for å ta i betrakting at lovbytaren har mista sitt barn ved utmålinga av reaksjonsomfanget.

5.2.3 Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling

I nemnde Rt. 1991 s. 829 (lnr. 89) vart det opna for ein mildare straffereaksjon enn utgangspunktet, sjølv om gjerningspersonen køyrde med ein «helt uforsvarlig høy fart». Straffa vart satt til dom på vilkår, sjølv om domfelte hadde vert årsak til at to av sine søner vart drepne. Det blei her lagt vekt på at domfelte hadde eineomsorg for ein tredje son og at domfelte måtte leve vidare med vissheita om at han var årsak til at sønene vart drepne. Dommen illustrerer at Högsterett opnar for å leggje vekt på relasjonsforholdet, men at relasjonsforholdet åleine likevel ikkje var tilstrekkeleg for å gjere heile dommen på vilkår. Det vart lagt stor vekt på at dersom lovbytaren skulle sone ei straff i fengsel ville dette gått svært hardt ut over lovbytaren sin familie.⁹⁹ Sjølv om allmennpreventive omsyn og samhøveprinsippet i stor grad tilseier at straff bør utmålast for grov aktlaus bilkøyring, vil det

⁹⁷ Holmboe (2011) s. 402.

⁹⁸ NOU 2002: 4 s. 117.

⁹⁹ Sjå også Matningsdal (2015) s. 735.

vere gode grunnar for å leggje vekt på omsynet til familien i den grad Högsterett opnar for her. Sjølv om ikkje relasjonen hadde utslagsgivande vekt, kan dommen illustrere at det opnast for å leggje vekt på relasjonsforholdet også ved grov aktløyse. Det kan vere tenleg i enkelte tilfelle, dersom dødsulukka går hardt inn på lovbytaren. Relasjonen åleine bør likevel ikkje automatisk ha for stor vekt ved straffutmålinga, då det er svært alvorleg å utsetje barnet for slik fare som grove aktlause handlingar i trafikken medfører.

Gjennomgangen av rettspraksis i kapittel 4 illustrerte vidare at det ikkje førelåg högsterettsdommar der lovbytaren sitt barn døydde som følgje av bilkøyring med promille. For slike situasjonar vil det likevel vere endå mindre grunnlag for å fråvike utgangspunktet om å reagere med ei streng straff.¹⁰⁰ Promillekøyring har eit svært stort skadepotensiale og det er difor ynskjeleg å slå hardt ned på dette. Sjølv om det vil ramme gjerningspersonen ekstra hardt at han eller ho er årsak til barnet sitt dødsfall, vil det ut i frå omsynet til barnet sin verdi stå fram som vilkårleg om det automatisk skal vektleggjast i slike tilfelle. Sjølv om omsynet til familien og individualpreventive omsyn som vist overfor kan trekke i retning av at det bør reagerast mildare, vil faren handlinga representerer ha stor vekt. Omsynet til samhøve mellom straff og brotsverket tilseier at det er lite rom for å leggje vekt på relasjonen ved utmålinga av straff. Bakgrunnen for dette heng saman med at lovbytar bevisst utfører ei grov aktlaus handling og at promillekøyring representerer ein svært stor fare. Tilsvarande ved køyring i ruspåverka tilstand vil det og vere eit stort behov for å hindre liknande handlingar og behovet for å slå hardt ned på køyringa står dermed sterkt. Det vil difor vere gode grunnar for å leggje vekt på relasjonsforholdet som eit formildande moment ved reaksjonsomfanget, i situasjonar der fleire individ i stor grad vert utsatt for alvorleg fare og det er tilfeldig kven som vert ramma.

5.3 Offeret er domfelte sin kjærast eller eit anna familiemedlem av lovbytaren

5.3.1 Dødsfallet oppstår som følgje av ei ubevisst simpel aktlaus handling

Gjennomgangen av gjeldande rett illustrerte at om eit familieforhold utover barn kan vektleggjast ved straffutmåling for ei ubevisst simpel aktlaus handling, i større grad er uvisst.

¹⁰⁰ Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 197.

Dei nemnte forarbeida opnar ikkje eksplisitt for å leggje vekt på relasjonen slik at det kan reagerast med fråfall av straffa, sjølv om den aktlause handlinga er av ein svært simpel karakter.¹⁰¹ Sjølv om forarbeida ikkje eksplisitt opnar for å vektleggje relasjonen vil mange av dei same omsyna som gjer seg gjeldande bak kvifor det burde vere aktuelt å reagere med andre strafferettslege reaksjonar ved simpel aktløyse når offeret er domfelte sitt barn, også gjere seg gjeldande her. Det visast her tilbake til den nærmere drøftinga om prevensjonsomsynet og samhøveprinsippet i punkt 5.2.1. Det vart der mellom anna lagt til grunn at behovet for å straffe ikkje kunne grunngjenvært i prevensjonsomsyn, verken for lovbrytaren eller ålmenta. Også omsynet til likebehandling trekk i denne retning, då det i stor grad vil oppfattast som vanskeleg å vere årsak til aktlaust valde dine foreldre sitt dødsfall ved ei ubevisst simpel aktlaus handling. Sjølv om også prinsippet kan tilseie at det bør reagerast likt med straffutmålinga som for andre ubevisst simple aktlause dødsfall i trafikken, vil ikkje sakene vere «like» grunna relasjonen til offeret. Vidare vil omsynet til familien også her trekke i retning av å opne for å reagere med andre strafferettslege reaksjonar. Det vil gå hardt ut over ein familie dersom dei både skal miste eit familiemedlem og eit anna familiemedlem skal straffast for det, særleg når handlinga har preg av eit hendeleg uhell. Det er difor gode grunnar for å opne også for bruk av andre strafferettslege reaksjonar som påtalefråfall etter strpl. § 69 og straffeutmålingsfråfall etter strl. § 61, når lovbrytaren med liten grad av simpel aktløyse valdar eit anna familiemedlem sitt dødsfall.

5.3.2 Dødsfallet oppstår som følgje av ei bevisst simpel aktlaus handling

Når det gjeld aktlause handlingar med større grad av klander enn ubevisst simpel aktløyse er det større behov for å kunne reagere med straff. Om det likevel vil vere gode grunnar for å reagere med same tyngde på straffa som for aktlause dødsfall i trafikken som rammar utanforståande kan vurderast nærmere. Rettsspraksis gav ikkje eksplisitt inntrykk av at det kan skiljast mellom kva grad av klander som er representert når det gjeld relasjonen si vekt ved utmålinga av straff. At det er andre i lovbrytaren sin familie som har omkomme som følgje av den aktlause handlinga var som illustrert i rettspraksis veklagt ved domstolen sitt val av reaksjonsomfang i nokre tilfelle.¹⁰² Til tross for at Høgsterett ikkje eksplisitte skil handlingane frå kvarandre vil det kunne vere gode grunnar for å reagere mildare på situasjonane der domfelte har utført ei handling av bevisst simpel aktløyse framfor handlingar som har preg av

¹⁰¹ Sjå Innst. O. nr. 72 (2004-2005) pkt. 8.2.

¹⁰² Jf. Holmboe (2011) s. 408.

grov aktløyse, særleg i situasjonar der offeret er i nærståande familie.¹⁰³ Særleg omsynet til samhøve mellom brotsverket og straffa tilseier også dette. Det kan og leggjast vekt på at lovbytaren vil bli hardt straffa og på denne måten få ei straff i sjølve dødsfallet.

Ved å redusere straffutmålinga som følgje av den nærliggjande familiære relasjonen mellom offeret og gjerningspersonen vil det likevel kunne medføre at kost og nytteverkingane ved straff og straffutmålinga si betyding vert svekka. Då det vil kunne oppfattast, både for gjerningspersonen og samfunnet elles, at gjerningspersonen og potensielle lovbytarar *vinn* på det faktum at det var ein av lovbytaren sine nærmaste som døydde. Ein slik automatikk vil vere svært uheldig i dagens rettssystem. Det kan skape eit inntrykk av at det er ein meir akseptert risiko å utsetje eit familiemedlem for fare enn andre.

Vidare vil det og i større grad vere behov for å ta i betrakting at andre omsyn vil bli røra ved når eit anna familiemedlem dør kontra at lovbytaren sitt barn dør. Det siktast her til at det vil kunne vere fleire som i større grad vert direkte ramma av dødsfallet med tanke på at dei kan bli fråteken sine foreldre eller sysken, enn dersom offeret er lovbytaren sitt barn. Av den grunn kan det difor vere større behov for å reagere strengt på lovbrotet for å få følelsen av at situasjonen vert meir rettferdig. Omsynet til rettferd i familien kan likevel ikkje leggjast for stor vekt på ettersom det truleg for dei fleste familiarar vil vere sårt uavhengig av kven av dei nærmaste i familien som omkom. I forlenginga av dette vil det vere svært tyngande for ein familie som har mista eit familiemedlem og i tillegg bli fråteken endå eit familiemedlem, den tid vedkommande må sone ei lang tid fengsel. Sjølv om det er grunnlag for å reagere med straff vil altså omsynet til familie og lovbytaren kunne trekke i retning at det bør reagerast med ein mildare reaksjon enn fengsel.

5.3.3 Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling

Ved dei grovt klanderverdige handlingane som til dømes promillekjøring, er det derimot mindre grunnlag for å opne for reduksjon på grunn av relasjonen. Dette kan også grunngjenvast i dei same omsyna som vist i punkt 5.2.3. Det vil vere eit større behov for samfunnet å reagere strengt for å oppretthalde tryggleik og openheit i samfunnet.

¹⁰³ Sjå Holmboe (2011) s. 408.

Rettspraksis viser likevel at i situasjonar der offeret var domfelte sin bror vart det vektlagt forskjellig ved straffutmålinga, sjølv om lovbytaren i begge tilfelle køyrd med promille. Straffelengda i HR-1991-1774-S blei redusert som følgje av at det var domfelte sin bror som omkom, medan det i Rt. 1977 s. 250 ikkje blei lagt vekt på ved utmålinga av reaksjonsomfanget. Bakgrunnen for denne forskjellen kan grunngjenvæst i at Högsterett opnar for å vurdere om forholdet kan leggjast vekt på dersom straffa som er fastsatt i tidligare avgjersler er for høg. Likevel står likebehandlingsprinsippet sentralt her, då det er eit overordna omsyn at like sakar skal har eit svært likt resultat i straffutmålinga.¹⁰⁴ Likebehandlingsprinsippet vil særleg gjere seg gjeldande ved grov aktlaus køyring, på grunn av graden av klander handlinga inneber. Ein slik måte å praktisere straffutmåling på vil medføre at rettferdsprinsippet, likebehandlingsprinsippet og samhøve mellom lovbroten og straffa vert ivaretaken. Denne måten å praktisere straffutmålinga ved å grunngi resultatet i allmennpreventive omsyn kan og likevel kritisera.¹⁰⁵ Sjølv om det har gode grunnar for seg å fremje omsynet til likebehandling og rettferd blant lovbytarane, skal den konkrete straff utmålast overfor den enkelte lovbytar. Rettspraksis som vart gjennomgått i kapittel 4 kan likevel illustrere at det vert føretatt ei nærmare vurdering. I den nemnte Rt. 1978 s. 1275 vart deler av fengelsesstraffa satt på vilkår etter strl. 1902 § 52 nr. 1 til tross for at promille var involvert. Lovbytaren var i dette tilfelle også svært ung, noko som kan trekke i retning av å ha vert med på å påverka resultatet. Ved handlingar av stor grad av klander, og då særleg rus og promillekøyring, vil det i utgangspunktet vere lite rom for å vektlegge relasjonen på grunn av behovet for å oppretthalde sosial ro i samfunnet.

5.4 Relasjonen til offeret består i vennskap

5.4.1 Dødsfallet oppstår som følgje av ei simpel aktlaus handling

I dette kapittelet vil dei simple aktlause handlingane bli handsama saman, fordi omsynet bak straff i større grad vil gjere seg gjeldande for både ubevisst og bevisst simpel aktløyse grunna familien til offeret, dette vil eg komme nærmare inn på i det følgjande. Når relasjonen til offeret består i vennskap vil likevel også mange av dei same omsyna som tidligare vist kunne gjer seg gjeldande og trekke i retning av at relasjonen bør vektleggjast. Til tross for dette står

¹⁰⁴ Sjå Eskeland (2017) s. 433.

¹⁰⁵ Sjå vidare Coward s. 82.

også omsynet til offeret sin familie svært sentralt. Det vil vere større behov for å ivareta familien til offeret sine interesser ved å gjengjelde lovbrotet og konsekvensane som lovbrotet har medført. Som tidlegare vist kunne behovet for å gjengjelde krenkinga for å skape tryggleik, behovet for å unngå privat rettshandheving og ein følelse av at rettferda har sigra stå sentralt.¹⁰⁶ I situasjonar der offeret er ein venn av lovbytaren vil truleg dette behovet stå sterkeare enn om offeret er familiemedlem av vedkommande. Grunnen til dette er at offeret sin familie vil kunne ynskje at lovbytaren skal haldast strafferettsleg ansvarleg for å føle at rettferd sigra. Offeret sin familie ynskjer gjerne at nokon må kunne haldast strafferettsleg ansvarleg for konsekvensane dei har påført familien, uavhengig av graden av akløyse. Det vil dermed i situasjonar der offeret er venn av lovbytaren vere større behov for å reagere med straff også for dei ubevisst simple aktlause handlingane for å forsøke å oppretthalde ein balanse i samfunnet.

Omsynet til familien vil likevel fortsatt bli ivaretatt ved at domfelte vert straffa. Om det likevel kan vere grunnlag for å utmåle ei mildare reaksjon for lovbytaren, vil ut frå omsyna bak straff også variere. Sjølv om det vil kunne oppfattast som hardare og vanskelegare å vere årsak til å valde ein kamerat sitt liv enn andre utanforståande, følgjer det som nemnt av rettspraksis, jf. Rt. 2012 s. 1453 avsnitt 24, at det berre kan føre til frådrag i straffa dersom det dreiar seg om «konsekvenser utover det vanlige.» Grunnen til at dødsfallet må medføre konsekvensar ut over kva konsekvensar som vanlegvis oppstår ved aktlause dødsfall, heng saman med at konsekvensane som eit aktlaust dødsfall medfører allereie er tatt omsyn til ved fastsetjinga av dei forskjellige normalnivåa etter strl. § 281. Då det ved fastsetjinga av normalnivåa truleg har vert lagt vekt på at det ikkje er uvanleg å få psykiske plagar og andre problem som følgje av å vere årsak til ein anna person dør.¹⁰⁷

Omsyna som ligger bak lovbytaren sin familie sitt behov for å at lovbytaren vert straffa vil heller ikkje gjere seg gjeldande i same grad. Sjølv om lovbytaren vil kunne ha ein familie som truleg vil lide som følgje av at lovbytaren vert satt i fengsel, vil det ikkje på same måte gå ut over familien då dei ikkje har mista eit familiemedlem som følgje av lovbrotet. Omsynet til familien og lovbytaren vil dermed ikkje automatisk tilseie at det er tale om «konsekvenser

¹⁰⁶ Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 80.

¹⁰⁷ Sjå Rt. 2012 s. 1453 avsnitt 24.

utover det vanlige», jf. Rt. 2012 s. 1453 avsnitt 24. Det skal dermed føreligge svært gode grunnar for å reagere mildare på handlingar i desse tilfella på grunn av vennskapsrelasjonen.

Eit sentralt poeng ved vurderinga av om vennskap skal kunne vektleggjast vil det ha betyding kor nærståande vennskapet til offeret er. Bakgrunnen for at det må vere eit svært nært vennskap for at det skal kunne ha betyding, har samanheng med at det vil vere vilkårleg om det automatisk skal medføre reduksjon i straffreaksjonen på grunn av at det er ein kjenning av lovbytaren som døyr. Dette vil sende signaler om at det er meir allmenn akseptert å utsetje kjente eller venner for fare, noko som og vil vere uheldig i dagens rettssystem. Er det derimot tale om eit svært nært vennskap vil det i større grad kunne ha innverknad på lovbytaren og såleis kunne medføre «konsekvenser utover det vanlige», jf. Rt. 2012 a. 1453 avsnitt 24. Slik at det kan vere større grunnlag for å opne for eit mildare reaksjonsomfang, på same måte som for andre familiemedlem.

5.4.2 Dødsfallet oppstår som følgje av ei grov aktlaus handling

Til slutt har vi også sett at rettspraksis ikkje opnar for å leggje vekt på eit vennskapsforhold i formildande retning når reaksjonsomfanget skal fastsettjast, der promille er involvert. Högsterett har gitt uttrykk for at både valet av reaksjon og lengda i stor grad skulle vere samanfallande med reaksjonane som er blitt utpensla i situasjonar der domfelte ikkje kjente offeret. I likskap med drøftingane om promilletilfella over, har mangelen på vektlegging av relasjonen i vennskapstilfella også gode grunnar for seg på grunn av den klander handlinga representerer.

5.5 Avsluttande merknadar

For å oppsummere kan det vere større grunnar for å reagere med andre strafferettslege reaksjonar i situasjonar der den aktlause handlinga er av ein ubevisst simpel karakter og offeret er lovbytaren sitt barn, kjærast eller andre familiemedlem. Lovtilstanden opnar og for dette, slik at det på dette området kan skje ei nærmare rettsutvikling i praksis. Særleg har vi sett at straffutmåling knytt til aktlause dødsfall der offeret er lovbytaren sitt barn står i ei særstilling. Grunnen til at det kan ha betyding om offeret er barnet til lovbytaren ved straffutmålinga heng saman med byrden dødsfallet vil ha for lovbytaren. Det vil vere ekstra tungt for lovbytaren å skulle haldast strafferettsleg ansvarleg, i tillegg til å handtere konsekvensane av dødsfallet han eller ho har vert årsak til. Det vil ramme lovbytaren svært

hardt å måtte leve livet vidare i medviten av at hans barn ikkje veks opp på grunn av ei handling han eller ho har gjennomført. Som ein bakgrunn for påkjenninga den aktlause handlinga vil medføre ovanfor lovbrytaren, kan det tilseie at lovbrytaren allereie har fått ei tilstrekkeleg straff. Det vil såleis vere tale om konsekvensar ut over kva som vanlig vil kunne oppstå ved aktlause dødsfall i trafikken.

Når det gjeld simple aktlause handlingar av meir klanderverdig karakter kan det vere grunnlag for å reagere med ein mildare straffreaksjon som til dømes dom på vilkår etter strl. § 34. Både overfor situasjonar der offeret er lovbrytaren sitt barn, kjærast eller eit anna familiemedlem. Praksis på dette området opnar ikkje for å vektlegge omsyna bak straff slik at relasjonen kan leggjast vekt på, i tilfelle av bevisst simpel aktløyse. Det kan difor her vere grunnlag for å endre praksisen. Når det gjeld vennskapsforholdet må det føreligge svært tungvegande grunnar for å leggje vekt på forholdet ved fastsetjinga av reaksjonsomfanget for simpel aktløyse. For aktlause dødsfall som oppstår grunna grov aktløyse vil det vere svært lite rom for at ein relasjonen til offeret kan leggjast vekt på. Det kan opnast for å leggje vekt på relasjonen der offeret er lovbrytaren sitt barn, men relasjonen åleine kan ikkje ha for stor betyding når reaksjonsomfanget skal setjast. Når det gjeld grov aktløyse som knytt seg til promillekøyring, vil det vere svært lite høve for å vektleggje at lovbrytaren har ein relasjon til offeret. I lys av allmennpreventive omsyn og behovet for samhøve mellom brotsverket og lovbrotet er det gode grunnar for å vike tilbake for å leggje vekt på ei relasjon til offeret i slike tilfelle.

6 Kjelderegister

LOV

Lov 17. mai 1814 kongerikets Noregs grunnlov (Grunnlova, Grl.).

Lov 22. mai 1902 nr. 10 almindelig borgerlig straffelov (straffeloven 1902 - strl. 1902).

Lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk (vegtrafikkloven, vtrl.).

Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesakar (straffeprosesslova, strpl.)

Lov 18. 05. 2001 nr. 21 lov om gjennomføring av straff (straffegjennomføringsloven, strgfjfl.).

Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven, strl.).

Lov 28. mai 2010 nr. 16 om behandling av opplysninger i politet og påtalemyndigheten (politiregisterloven).

FORARBEID OG RUNDSKRIV

NOU 1983: 57 Straffelovgivningen under omforming – straffelovkommisjonens delutredning I.

NOU 2002: 4 Ny straffelov – straffelovkommisjonens delutredning VII.

Innstilling fra strafferådet, endringer i det strafferettslige reaksjonssystemet overfor unge lovbytere (avgitt 3. mai 1963). Henta frå Innstillinger og betenkninger fra kongelige og parlamentariske kommisjoner, departementale komitéer m.m. Trykt hos A.S Kaare Grytting-Orkanger 1963.

Innst. O. nr. 15 (1964-1965) Instilling fra samferdelskomiteen om vegtrafikklov.

Innst. O. nr. 72 (2004-2005) Innstilling fra justiskomiteen om lov om straff (straffeloven).

Innst. O. nr. 73 (2008-2009) Innstilling fra justiskomiteen om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning).

Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) Om lov om straff (straffeloven).

Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpassing av anna lovgiving).

Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (skjerpende og formidlende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger, ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet).

Rundskriv riksadvokaten, rundskriv nr. 2/2015 fra 30. september 2015 i samband med ny straffelov.

RETTSPRAKSIS

Rt. 1977 s. 250.

Rt. 1977 s. 1207.

Rt. 1978 s. 1275.

Rt. 1987 s. 1382.

Rt. 1990 s. 211.

Rt. 1990 s. 1257.

Rt. 1991 s. 829 (lnr. 89).

Rt. 1992 s. 175.

Rt. 1995 s. 1848.

Rt. 2000 s. 1597.

Rt. 2002 s. 1556.

Rt. 2004 s. 712.

Rt. 2005 s. 586.

Rt. 2007 s. 1774.

Rt. 2009 s. 1048.

Rt. 2010 s. 1317.

Rt. 2012 s. 1453.

HR-1991-1774-S.

HR-2018-1050-U.

HR-2018-1658-A.

HR-2018-389-A.

LITTERATUR

Bøker

Andenæs, John, *Statsforfatningen i Norge*, 3. reviderte utg., Johan Grundt tanum forlag (1962).

Andenæs, Johs, *Straff, almenprevensjon og kriminalpolitikk*, Universitetsforlaget (1990).

Andenæs, Johs, *Straffen som problem*, 2. reviderte opplag, Exil Forlag (1996). (Andenæs 1996a).

Andenæs, Johs, *Alminnelig strafferett*, 4.utg., Universitetsforlaget, (1997).

Andenæs, Johs, Georg F, Rieber-Mohn og Knut E. Sæther, *Alminnelig strafferett*, 6. utg. Universitetsforlaget (2016).

Berg, Trude. M, *Rettighetstap*, Cappelen Akademisk Forlag (1999).

Eskeland, Ståle, *Strafferett*, 5. utg., Cappelen Damm (2017).

Gröning, Linda, Erling Johannes Husabø og Jørn Jacobsen, *Frihet, forbrytelse og straff*, Fagbokforlaget (2016).

Gröning, Linda, Erling Johannes Husabø og Jørn Jacobsen, *Frihet, forbrytelse og straff*, 2. utg., Fagbokforlaget (2019).

Hauge, Ragnar, *Straffens begrunnelser*, Univsitetsforlaget (1996).

Jacobsen, Jørn R.T., *Menneskevern eller menneskeverd?*, Fagbokforlaget (2004). (Jacobsen 2004a).

Matningsdal, Magnus, *Straffeloven: Alminnelige bestemmelser: Kommentarutgave*, Universitetsforlaget (2015).

Matningsdal, Magnus, *Norsk spesiell strafferett*, 2. utg., Fagbokforlaget (2017).

Mæland, Henry John, *Norsk alminnelig strafferett*, Bergen (2012).

Wegner, Rolf B, *Strafferett alminnelig del*, 2. utg, Forlaget Vett & Viten (2015).

Artiklar:

Andenæs, Johs, «Lov og praksis om uaktsomt drap- særlig i trafikkulukker», *Lov og rett* 1996, s. 294-304. (Andenæs 1996b)

Coward, Kirist, «Tanker om straffutmåling – etter 16 år i høyesterett» *Jussens venner*, (01-02) 2015 Vol. 50, s. 81-88.

Hennum, Ragnhild, «Dømmer domstolene likt i like sakar?» *Tidsskrift for strafferetten*, 01/2003 Vol. 3, s. 7-24.

Halvorsen jr., Bernhard, «Samfunnsstraff – noen erfaringer så langt, og veien videre», *Lov og rett*, 03/2003 vol. 42 s. 170-173.

Holmboe, Morten, «Straffutmålingsfrafall og påtaleunnlatelse for uaktsom forvoldelse av nærmiljøet død» *Tidsskrift for strafferett*, 2011 s. 401-418.

Jacobsen, Jørn R.T, «Diskusjonen om allmenprevensjonen si faktiske verknad», *Tidsskrift for strafferett*, 04/2004 vol. 4 s. 394-438. (Jakobsen 2004b).

Kinander, Morten, «Straffens begrep og begrunnelse i norsk rett – ein kritikk», *Jussens venner*, 03/2013 vol. 48, s. 155-192.

Lånke, Tor Kristian, «Straffutmålingsfrafall, straffeloven 2005 § 61», *Tidsskrift for strafferett*, 02/2008 Vol. 8 s. 161-178.

Nymo, Kirsti, «Hvorfor straffer vi – egentlig?», *Tidsskrift for strafferetten*, 03/2015 vol. 15, s. 288-315.

Personleg korrespondanse

Mail til Postmottak HPM Riksadvokaten den 06.11.2019.

7 Vedlegg

Strl. § 23 «Uaktsomhet»

«Den som handler i strid med kravet til forsvarlig oppførsel på et område, og som ut fra sine personlige forutsetninger kan bebreides, er uaktsom.

Uaktsomheten er grov dersom handlingen er svært klanderverdig og det er grunnlag for sterkt bebreidelse.»

Grov aktløyse jf. strl. § 23 andre ledd:
«Uaktsomheten» er grov dersom handlinga er «svært klanderverdig» og det er grunnlag for «sterk bebreidelse.»

Bevisst aktløyse:

Bevisst risiko i håp om at det skal gå bra.

Simpel aktløyse jf. strl. § 23 første ledd:
Den som handlar i strid med «kravet til forsvarlig oppførsel på et område» og som ut fra «sine personlige forutsetninger kan bebreides,» er «uaktsom».

Ubevisst aktløyse:

Manglende merksemd.